

**Ettersendte saker til
institutttrådsmøtet 26. august 2009,**

Institutt for framandspråk

*Universitetet i Bergen, Det humanistiske fakultetet
Institutt for framandspråk
Institutttrådsmøte 26. august 2009, sakspapir til sak 4 – Budsjett 2010*

Nedanfor følgjer utkast til svar frå Institutt for framandspråk på brev frå fakultetet om "Budsjettforslag 2010 – innhenting av forslag fra institutt og enheter HF" (datert 2.7.2009). Etter det nye mandatet for styringsorgan ved institutta skal budsjett godkjennast av instituttrådet, og det er derfor naturleg å leggja fram dette budsjettbrevet til godkjenning i rådet.

Framlegg til vedtak: Instituttrådet sluttar seg til "Budsjettframlegg 2010, svar frå Institutt for framandspråk". Instituttleiar får fullmakt til å gjera mindre redaksjonelle endringar før utkastet blir sendt over til fakultetet.

Det humanistiske fakultetet
Universitetet i Bergen

Budsjettframlegg 2010, svar frå Institutt for framandspråk

Vi viser til brevet frå fakultetet frå 2.7 i år om "Budsjettforslag 2010 – innhenting av forslag fra institutt og enheter HF". Saka har vore drøfta og lagt fram til vedtak i rådet ved Institutt for framandspråk (IF), i tråd med det nye og utvida mandatet for instituttorgana ved Universitetet i Bergen. På møtet 26. august i år gjorde rådet ved IF vedtak om å støtta innhaldet i dette brevet.

1. Samandrag

IF har som mål å gje støtte til både individuell forskning og til samarbeidsprosjekt. I etableringsfasen av instituttet har det vore nødvendig å prioritere forskargruppene, og på dette feltet er det gode prosessar i gang. Vi er samstundes urolege for at den vanskeleg økonomiske situasjonen ved HF vil slå negativt ut for alle typar forskingsverksemd. Særleg ille er det at det vert umogleg å setja av tilstrekkelege midlar til fagleg-strategiske satsingar. IF har

potensial for betring når det gjeld å skaffa eksterne midlar til forskingsverksemda. Her trengst det eit meir systematisk og langsiktig samarbeid mellom institutt, fakultet og forskingsavdelinga ved UiB. Instituttet ønskjer òg å støtta og betra den vitskaplege publiseringa i fagmiljøa våre. Vidare vil vi prøva å sikra dei vitskaplege tilsette meir tid til forskning gjennom dei tiltaka som er nemnde i strategiplanen. Instituttet har stor manko på ressursar til undervisning, og det er ei utfordring å skjerma forskingstida slik budsjettssituasjonen vert framover.

Når det gjeld prioriterte oppgåver innan utdanning, viser vi til strategiplanen for instituttet 2008–2010. Instituttet ønskjer m.a. å harmonisera tilboda på dei ulike faga slik at det vert felles rammer for undervisning og vurdering, t.d. jamnare fordeling av rettleiingsoppgåver for dei vitskapleg tilsette, felles standardar for timetal på dei ulike emna, jamnare fordeling av ressursbruken til eksamen mellom emna, og undervisning av emne berre éin gong i året. Det er òg viktig å føra vidare arbeidet med treårsplanar for undervisninga. Arbeidet for mindre fråfall og høgare studiepoengsproduksjon vil òg vera viktig framover.

Fakultetet bed institutta setja opp inntil tre stillingar som kan trekkjast inn i perioden 2010-2012. IF kan gje slepp på ei stilling i fransk språk og ei stilling i tysk litteratur, i tråd med fagdimensjoneringsplanen frå instituttet hausten 2008. I tillegg har instituttet ei halv administrativ stilling som har stått utan fast tilsett sidan samanslåinga. Vi reknar med at denne stillinga vert trekt inn.

Vi vil elles streka under at arbeidet med å spara inn stillingar må sjåast i samanheng med det større fagstrategi- og fagdimensjoneringsarbeidet ved fakultetet.

2. Prioriteringar innanfor ramma

Det er flytande overgangar mellom tiltak som fell innanfor den eksisterande ressursramma, og tiltak som ligg utanfor. Dermed er det òg ei viss overlapping mellom svara på punkt 2 og 3.

Innanfor ramma er det mogleg å omprioritera, men med den vanskelege økonomien fakultetet og institutta har no, vil dette i realiteten i stor grad vera nedskjeringar og i langt mindre grad nysatsingar. Her vil vi visa til følgjande:

- Instituttet har hatt store utgifter til mellombels tilsette lærarar. Vi gjer det vi kan for å kutta ned på desse utgiftene. Våren 2009 har vi brukt store summer til mellombels tilsette, sidan var planlagt før vi kjente den vanskelege økonomiske stoda. Men i undervisningsplanlegginga for hausten 2009 har instituttleiinga planlagt opplegget saman med fagkoordinatorane for dei einskilde faga for å halda utgiftene nede. Russiskfaget strekte seg t.d. langt gjennom å utsetja oppstarten av det nye innføringstilbodet frå H09 til H10. Instituttet har i slutten av august nye møte med kvar einskild fagkoordinator for å planleggja undervisninga i begge semestra av 2010. Hovudføremålet med desse samtalaner er å halda nede utgiftene til innleigde lærarar, men sjølvstilt innanfor forsvarlege rammer.

- Instituttet vurderer om vi kan kutta kostnadene gjennom å redusera omfanget av eksamensordningar og studenttalsavhengig undervisning. Russisk er i ferd med å bytta ut mappeeksamen med skuleeksamen på to hundrenivåemne. Med normalt god studenttilgang reduserer dette ressursbruken til undervisning og eksamen med over 300 timar årleg. I dette tilfellet kan endringa sjåast på som ei omprioritering og ikkje eit reint kutt. Reduksjonen i timebruken på dei to emna gjer det mogleg å prioritera krefter på det viktige nye innføringsemnet som altså startar opp hausten 2010. Eit godt innføringsemne på russisk kan

ha stor verdi for den vidare rekrutteringa til faget. Engelsk er under press på grunn av stor studenttilstrøyming, og her har ein hausten 2009 kutta ut gruppeundervisninga i grammatikk på 100-nivå. Slike nedskjeringar kan vera smertefulle og gå ut over studiekvaliteten. Derfor må det heile tida vurderast kva for reduksjonar i tilbodet som er forsvarlege. På sett og vis er nokre av kutta ei reversering av kvalitetsreforma. Men skal dei økonomiske innsparingane ikkje gå for hardt utover tida til forskning, ser vi ingen veg utanom reduksjonar i undervisninga.

- Den vanlege modellen ved IF er at eit emne anten blir gitt i vårsemester eller i haustsemesteret. Vi har likevel framleis nokre emne som blir undervist i begge semester. På engelsk er dobbeltkøyinga av emne blitt fjerna på 100-nivået. På 200-nivå tilbyr både engelsk og spansk dei same emna både i vår- og haustsemesteret. I alle fall på spansk, der studenttalet er moderat på 200-nivå, er det nok å gje tilbod om emna i vårsemesteret. Ein slik reduksjon av dobbeltkøying er vanlegvis pedagogisk meir akseptabelt enn t.d. å kutta ut gruppeundervisning og oppgåver på 100-nivå.

- Instituttet har lufta ideen om å tilby ei ordning for vitskapleg tilsette mellom 67 og 70 år som ønskjer å gå av med pensjon, men samstundes vil halda fram forskingsaktiviteten. Tanken er at personar i denne aldersgruppa kan få tilbod om å bruka vanleg infrastruktur ved instituttet og dessutan få eit visst forskingsbudsjett til rådvelde sjølv om dei sluttar i stillinga. Dette vil kunna gje store innsparingar pr stilling.

3. Prioriteringar utanfor ramma

Sjølv om tiltaka nedanfor ligg utanfor dagens budsjettamme, er dei fleste klart knytte opp mot uttalte forskings- og utdannings-satsingar ved universitetet. Instituttet vil samstundes streka under at vurderinga av om stillingar skal lysast ut eller trekkjast inn, må samordnast med det overordna fagdimensjoneringsarbeidet ved fakultetet.

A. Austasia er eit prioritert forskingsfelt ved Universitetet i Bergen. IF tilbyr japansk til og med 200-nivå og dessutan nokre emne i kinesisk. Japansk er eit fag med stor studenttilstrøyming, men sær låg bemanning (éin person i mellombels stilling). Ei ekstra stilling på japansk er hovudprioriteten i instituttet sin fagdimensjoneringsplan frå 2008¹. Eit øyremerkt stipend til japansk språk vil dessutan vera viktig for å styrka den minimale nasjonale rekrutteringa til faget, og kan kombinerast med undervisningsplikt. Instituttet tilbyr òg emne i kinesisk i samarbeid med Konfusius-instituttet. Kinesisk er under oppbygging som undervisningsfag, utan å vera forskingsbasert ved instituttet. Vi oppfattar det slik at UiB sentralt i denne omgangen er innstilt på å gje instituttet ei toarstilling i kinesisk språk (20 prosent). Dette må koma utanom dei ordinære budsjetta til fakultetet. Vi vil be fakultetet følgja opp saka andsynes UiB sentralt.

B. Latinamerika er eit anna prioritert forskingsfelt ved UiB. Her gjorde fagmiljøet tidleg eit strategisk viktig val gjennom å gje studiet i Bergen ein latinamerikapofil. Fakultetet har òg støtta faget på ein god måte gjennom ei gradvis opptrapping i talet på stillingar over fleire år, i tillegg til at faget har fått ei rekkje universitetsstipendiatar dei seinare åra. Satsinga på Latinamerika har vist seg heldig og framtidsretta på fleire måtar, m.a. fell det saman med ei stor nasjonal satsing med eit eige NFR-program for latinamerikaforskning. Dessutan har det i årevis vore ein global trend med sterk studenttilstrøyming til spanskfaget. På litteraturdisiplinen er likevel faget inn i ein kritisk fase. For nokre år sidan hadde disiplinen tre

¹ Fagdimensjoneringsplan for Institutt for framandspråk, ePhorte (8/6211)

stillingar, no er det to. Og når den einaste professoren på disiplinen går av med pensjon midt i vårsemesteret 2010, har vi berre éi stilling att. Det må lysast ut ei stilling i latinamerikansk litteratur snarast råd.

C. Vi minner òg om at engelskfaget har særlege behov. Dette faget har sterk tilstrøyming av studentar, og det ruvar såleis i studiepoengsstatistikken til fakultetet. Samstundes har faget mista fleire stillingar dei seinare åra. Sterkast er behovet innanfor britisk kulturkunnskap, der faget har mista den einaste stillinga. Denne stillinga er prioritert i fagdimensjoneringsplanen frå instituttet. Instituttet har òg signalisert behov for ekstra fagdidaktikarstilling på engelsk.

Instituttet vil understreka den store verdien smådriftsmidlane har for forskinga. Som kjent er denne ordninga eit spleiselag mellom fakultet, universitet og forskingsråd. Ikkje minst i ein økonomisk vanskeleg fase som no er denne ordninga ein berebjelke i finansieringa av ulike små og mellomstore forskingstiltak ved instituttet. Støtta går til mange, blir gitt til både einskildforskarar og fellesprosjekt, og den samla summen er rimeleg stor. Slik sett kan det argumenterast for at smådriftsmidlane er blitt den viktigaste finansierngsstøtta for forskarane våre, sjølv sagt om ein ser bort frå dei store prosjekta i NFR-regi. Instituttet vil sterkt oppmoda fakultetet om å engasjera seg for å vidareføra ei tilsvarande ordning også etter 2010. Særleg i tider der pengesekken ved fakultetet og instituttet blir snøra saman, er smådriftsmidlane viktig for den allsidige forskingsaktiviteten ved instituttet.

4. Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

Det er vanskeleg å gje ein prognose over forventa eksterne inntekter for 2010. Eit slikt oversyn vil bli mangelfullt, m.a. fordi det er fleire søknader vi pr i dag ikkje kjenner utfallet av. Men her er eit forsøk ut frå dei faktorane vi kjenner i dag:

- Forskringsrådet: 1.8 millionar til LIAS-prosjektet, 3.3 millionar til Future-prosjektet. I desse summene går det inn 2 phd-stillingar og 2 postdoktorar. Dersom vi legg til grunn at vi får ei tilsvarande smådriftstildeling til IF som i år, og ei tilsvarande Leiv Eirikson-løyving, ugjer NFR sin del av dette 480.000 kroner. Samla forventa forskingsfinansiering frå NFR i 2010 vert dermed 5.6 millionar kroner. Instituttet har også ein søknad som har fått UiB-støtte under frie forskarinitierte prosjekt, dvs prosjekt som siktar fram mot NFR-søknad. Sidan vi ikkje veit om søknaden vil få NFR-støtte, har vi ikkje inkludert denne søknaden her.

- EU: Postdoktor Ellen Rutten på Future-prosjektet er norsk partner i ein HERA-søknad koordinert ved universitetet i Cambridge. Søknaden har gått vidare til andre runde, og vi kalkulerer derfor med positivt svar i sluttrunden. I så fall utgjer den norske delen av budsjettet for 2010 om lag 460.000 kroner.

- Andre finansieringsinstansar: Ei tilsvarande løyving frå Meltzerfondet som i 2009, vil gje 740.000 kroner (alle kategoriar medrekna). Ei tilsvarande løyving frå universitetsfondet vil gje 260.000 kroner.

Oppsummert ligg den forventa eksterne forskingsfinansieringa til instituttet i 2010 dermed i overkant av sju millionar kroner (5.6 millionar frå NFR, 0.46 frå EU, 0.74 frå Meltzerfondet og 0.26 frå universitetsfondet).

Utanom dette kjem det NUFU-støtta Makerere-prosjektet, som er administrativt forankra utanfor instituttet, men som er eit viktig forskingsprosjekt. Makerere-prosjektet tilfører instituttet noko frikjøpsmidlar.

Ovanfor har vi lista opp bidrags- og oppdragsfinansiert *forskningsaktivitet*. Som kjent får instituttet og fakultetet også inntekter frå overskotet av eksternfinansiert vidareutdanning på spansk, men dette er halde utanfor her. Summen frå vidareutdanninga vil sannsynlegvis utgjera i overkant av 300.000 kroner, som skal delast likt mellom fakultetet og instituttet.

5. Mindre ombyggingstiltak

Instituttet ønskjer å gjera om boksamlinga på rom 302 i HF-bygget til eit kontor med plass til fleire brukarar. Bokhyllene må fjernast, kontormøblar skaffast og det må ordnast med tilstrekkeleg it-uttak. Elles viser vi til innspela frå husstyret om oppussing av toaletta i HF-bygget og sykkelskur som kan låsast.

6. Evalueringar

Ingen av faga ved IF har vore gjennom større nasjonale eller internasjonale evalueringar dei seinare åra.

Leiv Egil Breivik,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug
administrasjonssjef

Nedanfor følgjer utkastet til høyringsfråsegn frå institutt for framandspråk, deretter eit vedlegg med synspunkt frå Reidar Veland. Saka blir lagt fram til drøfting i instituttrådet. Instituttleiar uttalar seg deretter på vegner av instituttet.

Fråsegna frå instituttet tek utgangspunkt i eit diskusjonsnotatet frå det nasjonale fakultetsmøtet, eit notat som vart drøfta på fakultetsmøtet for HF-fag i Aten 7. mai 2009.

Høyringsutkast frå instituttleiar:

Høyring – Småfag i humaniora

Vi viser til diskusjonsnotatet frå Nasjonalt fakultetsmøte for historisk-filosofiske fag. IF meiner at notatet gir eit godt grunnlag for å drøfte situasjonen til småfaga ved dei seks universiteta i Noreg. Men det er uheldig at notatet har ein del feil når det gjeld kvantitative data (t.d. om publisering innan italiensk og doktorgradar innan tysk). Vi finn òg døme på omgrepsforvirring. Såleis vert omgrepet “teoretisk lingvistikk” brukt som synonym for “generativ lingvistikk” i diskusjonen om profilar og fagtilbod ved dei humanistiske fakulteta (s. 4). Ei betre kvalitetssikring er nødvendig før notatet vert slutthandsama i Nasjonalt fakultetsmøte.

I denne høyringsfråsegna vil vi fokusere på dei spørsmåla som er relevante for IF.

Profilar og fagtilbod ved dei humanistiske fakulteta (s. 4–8)

IF meiner at HF ved UiB skal halde fram med å vere eit fakultet med stor fagleg breidd og sterk disiplinforankring. Dei såkalla småfaga er viktige ved eit humanistisk fakultet. Fakultetsstyret til HF ved UiB gjorde i samband med fordelinga av 2008-budsjettet eit prinsippvedtak om at små fagområde skal skjermast. I budsjettokumentet heiter det at “[s]tor breidde fagporteføljen ansees å være en styrke for et humanistisk fakultet”. Vi viser òg til det som vert sagt om småfaga i *Nasjonalt strategi for humanistisk forskning* (2008).

Vi ser det ikkje som føremålstenleg at det vert ei sterkare profilering HF-fakulteta imellom enn det som er skissert i notatet frå Nasjonalt fakultetsmøte.

Fleire språkfag (s. 8–9)?

Dei dimensjonane/kriteria som er omtala i notatet, er etter IF sitt syn relevante for å diskutere ei eventuell utviding av språkporteføljen.

Instituttet underviser i to av språka som er nemnde som døme på språk “med stor økonomisk betydning og stor betydning for norsk samfunns- og arbeidsliv:” japansk og kinesisk. Vi viser her til *Budsjettforslag 2010, svar frå Institutt for framandspråk* (sak 2009/8532), der det heiter:

Austasia er eit prioritert forskingsfelt ved Universitetet i Bergen. IF tilbyr japansk til og med 200-nivå og dessutan nokre emne i kinesisk. Japansk er eit fag med stor studenttilstrøyming, men uhyre låg bemanning (éin person). Ei ekstra stilling på japansk er hovudprioriteten i instituttet sin fagdimensjoneringsplan frå 2008 [ePhorte (8/6211)]. Eit øyremerkte stipend til japansk språk vil dessutan vera viktig for å styrka den minimale nasjonale rekrutteringa til faget, og kan kombinerast med undervisningsplikt. Instituttet tilbyr òg emne i kinesisk i samarbeid med Konfusius-instituttet. Kinesisk er under oppbygging som undervisningsfag, utan å vera forskingsbasert ved instituttet. Vi oppfattar det slik at UiB sentralt i denne omgangen er innstilt på å gje instituttet ei toarstilling i kinesisk språk. Dette må koma utanom dei ordinære budsjetta til fakultetet. Vi vil be fakultetet følgja opp saka andsynes UiB sentralt.

Vi viser òg til *Vindu mot Øst-Asia*, som er ei innstilling frå ei arbeidsgruppe oppnemnd av rektor ved UiB i 2008.

Eit anna fag som bør nemnast i denne samanhengen, er portugisisk. Berre UiO har tilbod i portugisisk, men dette tilbodet er avgrensa, og hovudvekta ligg på Portugal-portugisisk. Nasjonalt er det behov for tilbod i Brasil-portugisisk. Brasil er det største landet i Sør-Amerika. Det bør òg nemnast at portugisisk i dei store afrikanske landa Angola og Mosambik ligg nærare Brasil-portugisisk enn Portugal-portugisisk. Det ville vere naturleg at dette tilbodet vart lagt til UiB. Både innanfor humaniora og allment har UiB det sterkaste miljøet i Noreg på Latin-Amerika.

Ingen av faga ved IF bør leggjast ned (jf. det som er sagt under “Profilar og fagtilbod ved dei humanistiske fakulteta”).

Sentrale europeiske språkfag i nedgang (s. 9–11)

I notatet vert fransk, tysk, italiensk og russisk kalla “utsette” fag. Det vert sagt at “[t]ilbudet i tysk og fransk synes å vere for omfattende i forhold til rekrutteringen” (s. 11). Desse faga er omtala i IF sin fagdimensjoneringsplan. Planen nemner dei kriteria IF vil leggje til grunn når instituttet skal gjere prioriteringar med omsyn til storleiken på dei enkelte faga. Målet er å kome fram til eit opplegg som kan gjere instituttet i stand til handsame fagdimensjoneringa på ein fokusert og systematisk måte. Ein minimums ressursplattform for alle faga ved IF er 3-5 stillingar.

Fransk

Kan på sikt gi avkall på ei stilling i språkdisiplinen. Denne disiplinen har fire tilsette pr. i dag.

(Her treng vi innspel frå fagmiljøet.)

Tysk

Kan på sikt reduserast med ei stilling. Både litteraturdisiplinen og språkdisiplinen har pr. i dag tre stillingar. I tillegg har tysk ei stilling i fagdidaktikk.

(Her treng vi innspel frå fagmiljøet.)

Italiensk

Italiensk ved UiB har ei tilfredsstillande dimensjonering i forhold til dei oppgåvene faget har. Vi viser til vedlagde notat frå fagkoordinator for italiensk, Reidar Veland.

Russisk

Professoratet etter Jostein Børtnes vart utlyst i 2008, og vi ventar at den sakkunnige komiteen vil vere ferdig med arbeidet sitt hausten 2009. Når vi får tilsetjing i dette professoratet, vil russisk ha ein tilfredsstillande stillingssituasjon.

Sjølv om russisk er eit såkalla småfag ved UiB, har det henta inn 20 millionar kroner i ekstern finansiering sidan 2005. Eksternfinansierte prosjekt har ført til god rekruttering både til MA, PhD og postdoc i perioden 2005–2012 (5 MA, 2 PhD og 4 postdoc). Dei eksternfinansierte prosjekta har stått for vel 75% av publiseringa ved russiskfaget i 2008–2009.

Kommentarar frå Reidar Veland:

Småfag i humaniora/ITALIENSK/

Italiensk er et lite universitetsfag i Norge. Stillingsstrukturen synes for tiden å være denne:

UiO	førsteamanuensis (midlertidig ?) i språk univ.lektor (perm. ?) i språk postdoktor i litteratur gjennomføringsstipendiat i kulturkunnskap sendelektor
NTNU	universitetslektor
UiT	har ikke stillinger i italiensk, men språket har en plass i lingvistikkmiljøet (jfr. Martin Kramer, <i>The Phonology of Italian</i> , 2009, Oxford University Press)
UiB	professor i språk førsteamanuensis (i kjømda) i språk førsteamanuensis i litteratur universitetsstipendiat i litteratur universitetsstipendiat (i kjømda) i språk sendelektor

UiO og UiB tilbyr for tiden fullt studieløp fra innføringskurs via bachelor og master til PhD. NTNU tilbyr innføringskurs.

Antallet studenter er, som det også påpekes i "småfagsnotatet", ganske lavt. De fleste mastergrader i italiensk i Norge er de siste årene blitt avlagt ved UiB (11 stk i perioden 2005-2009).

I motsetning til hva som antydes i nevnte notat, kan italiensk ved UiB vise til en ikke ubetydelig publikasjonsvirksomhet. Ved siden av mange andre bidrag kan det for perioden 2000-2009 noteres 3 internasjonale bokutgivelser og 9 tidsskriftartikler på høyeste nivå.

UiB har i de senere år gradvis overtatt hovedansvaret for den italienskspråklige infrastrukturen i Norge. En av våre pensjonister arbeider med en ny utgave av den eneste større italiensk-norske ordboken, og den italienske innføringsgrammatikken som sannsynligvis nå er mest brukt, er det en annen UiB-pensjonist som har skrevet. En ny italiensk universitetsgrammatikk vil også komme fra vårt miljø. Denne posisjonen vil antagelig styrkes i årene som kommer ettersom det bare er ved UiB det finnes personer med norsk som førstespråk blant personalet i de vitenskapelige stillingene.

Som flere andre språkfag har altså italiensk nokså begrenset studenttilgang. Dette er for såvidt naturlig ettersom språket er lite utbredt i norsk skole. Det er derfor svært viktig at UiB fortsatt tilbyr et godt synlig innføringskurs i italiensk (i det vesentlige knyttet til sendelektorens virke), og at det finnes et tilbud for lærerutdanning for studenter med italiensk som fag.

Selv om den generelle interessen for Italia og det italienske virker å være stor i Norge for tiden, oppfatter vel ikke studentene italiensk, i motsetning til enkelte andre språkfag, som nøkkelen til et eksotisk og tillokkende reisemål. Et problem i studiesammeng kan dessuten være den historiske tyngde som hviler over mange sider av italiensk kultur. Men det er nettopp de lange linjer som gjør faget så viktig for forståelsen av europeiske kultur i vid forstand. Et italienskstudium vil derfor alltid være et fruktbart komplement til disipliner som kunsthøgskole, klassisk filologi, musikk, religionsvitenskap, historie, filosofi, litteratur og, med en litt annen vinkling, politisk teori, naturvitenskap og økonomi.

Rent studieteknisk ville det derfor være en stor fordel om italiensk og andre små språkfag ble profilert på samme måte som de større språkfagene, noe som også ville gi mer plass for informasjon om fagets praktiske nytteverdi basert på det ikke ubetydelige behov for italiensk på felter som kulturliv, turisme og næringslivskontakter.

Med sine tre vitenskapelige stillinger knyttet til de grunnleggende disiplinene språk og litteratur er UiB rustet for å bære en vesentlig del av det nasjonale ansvaret for italiensk i årene som kommer. Faget vil, også takket være sendelektorstillingen, kunne håndtere en større studentmengde enn dagens, og det er å håpe at den nytilsatte førsteamanuensis kan tilføre faget og rekrutteringen til faget positive impulser. Vi vet likevel at studentenes interesse for et fag i høy grad er uforutsigbar og konjunkturpreget. Det konstante krav til oss selv må derfor være å opprettholde kraft og kvalitet i det grunnleggende forskningsarbeidet, også det som utføres av fagets stipendiater.

13. august 2009/RV

Universitetet i Bergen, Det humanistiske fakultetet
Institutt for framandspråk

Institutttrådsmøte 26. august 2009, sakspapir til sak 6 – Godkjenning av studieplanar for bachelorprogramma ved instituttet

Nedanfor følgjer utkast til studieplanar for nye fagbaserte (disiplinbaserte) bachelorprogram ved Institutt for framandspråk.

Bachelorprogram i arabisk

Framlegg til fagbasert BA i arabisk h 2009

Programnamn, norsk	Bachelorprogram i arabisk
Programnamn, engelsk	Bachelor's programme in Arabic
Undervisningsspråk	Normalt norsk, med mindre anna er opplyst i emneplanen for det einskilde emnet.
Studiepoeng	180
Mål og innhald	<p>Arabisk er det offisielle språket og/eller morsmålet til majoriteten av befolkninga i 23 land. Språket blir talt av meir enn 200 millionar menneske i Midtausten og Nord-Afrika. I tillegg har om lag like mange menneske arabisk som andrespråk, og dessutan er arabisk det liturgiske språket til meir enn ein milliard muslimar. I mellomalderen var arabisk berar av ein av dei rikaste vitskaplege og litterære kulturane i verda og er framleis eit særskilt viktig språk både i religiøs og kulturell samanheng, òg når det gjeld politikk og økonomi. Arabisk er dessutan eitt av de seks offisielle språka i FN, og i Noreg utgjer arabisktalande ein av dei største språklege minoritetane.</p> <p>Arabisk høyrer til den semittiske språkfamilien, til liks med til dømes hebraisk og amharisk, nasjonalspråket i Etiopia. Moderne standardarabisk, som ein vektlegg i undervisninga, er ikkje morsmålet til nokon, men eit skriftspråk som arabarane må læra i tillegg til sine lokale dialektar. Standard skriftleg arabisk er felles for alle utdanna arabarar, utan omsyn til nasjonalitet og vert ofte brukt som talemål i formelle situasjonar. Språket har endra seg lite i løpet av dei 1400 åra som har gått sidan profeten Muhammad levde. Språket i Koranen og det moderne avisspråket er i hovudtrekk det same. Dei dialektane som blir talte, har derimot</p>

	<p>store ulikskapar.</p> <p>På 100-nivået er målet hovudsakleg å utvikla dugleiken i det moderne skriftspråket, men samstundes tek ein på dette nivået sikte på å gi ein passiv grunnkompetanse i ein arabisk dialekt. Det vil seie at studentane skal skaffa seg hovudlinene i moderne arabisk grammatikk og uttale, oppnå ein viss lese- og skrivedugleik, akseptabelt ordforråd og kunne føra ein enkel samtale på språket, anten standardarabisk eller dialekt. Me ventar at studentane også gjer seg kjende med den vitskaplege terminologien og omgrepsapparatet i faget.</p> <p>På 200-nivået er målsetjinga å utvida studentane sin kjennskap til morfologi, syntaks og ordforråd slik at dei kan lesa tekstar som er skrivne på klassisk og moderne standardarabisk, og gi ein grammatikalsk analyse av dei. Dette grunnlaget, kombinert med ein del sjølvstudium og eit opphald i eit arabisktalande land, skal kunne gi studentane eit brukande godt språkkunnskapsnivå i arabisk, slik at dei kan bruka språket sjølvstendig til ulike formål og i ulike høve.</p> <p>I tråd med denne målsetjinga, tilrår ein sterkt eit studieopphald i eit arabisktalande land i tida mellom ARA101 og ARA201.</p>
Læringsutbytte	<p>Etter fullført bachelornivå i arabisk skal studentane</p> <ul style="list-style-type: none"> • ha brukande god dugleik i lesing og skriftleg omsetjing • ha enkel skrive- og taledugleik i moderne standardarabisk • ha lesedugleik i klassisk arabisk • ha god kompetanse i moderne arabisk grammatikk. • bli kjende med eit breitt utval av skjønnlitteraturtekstar og fagprosa • ha grunnleggjande dugleik i lesing og forståing av arabisk pressespråk, til dømes i nettaviser • ha grunnleggjande dugleik i bruk av nokre arabiske ordbøker • kunna bruka sine kunnskapar om språket på ein kritisk og sjølvstendig måte <p>Bachelorgrad i arabisk dannar grunnlag for mastergradsstudium i arabisk.</p>
Opptakskrav	Generell studiekompetanse eller realkompetanse
Tilrådde forkunnskapar	For å kunne gjennomføre eit studium i arabisk må ein ha gode lesekunnskapar i engelsk og god skriftleg dugleik i norsk. Det er ikkje naudsynt med forkunnskapar i arabisk, men det er ein føremon om studentar har kjennskap til den arabiske verda og/eller språkvitskap.
Innføringsemne	<p>Bachelorprogrammet i arabisk inneheld 30 studiepoeng med innføringsemne (førstesemesterstudiet) og er sett saman av:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Examen philosophicum

	<ul style="list-style-type: none"> • Akademisk skriving • Tekst og kultur <u>eller</u> Språk og kommunikasjon. <p>Språk og kommunikasjon er sterkt tilrådd.</p> <p>Bachelorgraden kan ikkje innehalde meir enn 30 sp innføringsemne.</p>
Obligatoriske emne/spesialisering	<p>Bachelorprogrammet i arabisk er 3-årig (180 studiepoeng). Programmet skal innehalde inntil 30 studiepoeng med innføringsemne og 90 studiepoeng med spesialisering i arabisk. Dei siste 60 studiepoenga er frie.</p> <p>Alle emna frå ARA101 til og med ARA252 inngår i spesialiseringa. ARA252 møter kravet om eit sjølvstendig skriftleg arbeid på 15 studiepoeng, jamfør Utfyllande reglar for Det humanistiske fakultet. ARA252 Arabisk språk og samfunn kan likevel skiftast ut, etter søknad, med ARA254 eller MKU250 Semesteroppgåve i midtaustenemne. For fleire detaljar, sjå emneplanen for ARA252. For å oppnå spesialisering i arabisk på bachelornivå, kan førehandsgodkjente heiltidsstudium i utlandet koma i staden for obligatoriske spesialiseringsemne i arabisk. Slik utveksling vil normalt ikkje bli godkjend på 200-nivå.</p>
Tilrådde valemne	<p>Bachelorprogrammet i arabisk har 60 frie studiepoeng. Det er ingen spesielle føringar knytte til dei frie studiepoenga, og studentane vel sjølve kva fag og emne dei vil ta i tillegg til spesialiseringa.</p>
Rekkjefølgje for emne i studiet	<p>Døme på rekkjefølgje for emne i studiet:</p> <p>1. semester (H): Førstesemesterstudiet ex.phil og ex.fac (30 sp)</p> <p>2. semester (V): ARA101 Innføring i moderne standardarabisk (30 sp)</p> <p>3. semester (H): ARA103 Standard skriftleg arabisk (15 sp). Bygger på ARA101 ARA105 Munnleg arabisk (15 sp). Bygger på ARA101 Eller Delstudium i utland der ein tar emne tilsvarande ARA103 og ARA105</p> <p>4. semester (V): ARA201 Moderne og klassiske arabiske tekstar (15 sp). Bygger på ARA103 og ARA105 eller tilsvarande. ARA252 Arabisk språk og samfunn (15 sp). Bygger på ARA103 og ARA105 eller tilsvarande.</p> <p>5. semester (H): Frie studiepoeng (30 sp). Eventuelt</p>

	<p>Delstudium i innland eller utland</p> <p>6. semester (V): Frie studiepoeng (30 sp). Eventuelt Delstudium i innland eller utland</p>
Krav til progresjon i studiet	For ein fulltidsstudent er normal studieprogresjon 30 studiepoeng kvart semester.
Delstudium i utlandet	<p>Du kan ta delar av bachelorutdanninga di som utvekslingsstudent i eit anna land. Du kan velje blant Universitetet i Bergen sine avtaler i heile verda, anten for å studere innan spesialiseringa i programmet, eller for å ta frie studiepoeng i graden. Emna må godkjennast på førehand av UiB.</p> <p>I bachelorprogram i arabisk er det tilrådd at studentar tek delstudium i eit arabisktalande land på høgare 100-nivå, nærare bestemt emne som svarar til ARA103 og ARA105. For å få godkjent studiet, må det omfatta minst to tredjedelar standardarabisk språk. Resten kan innehalda studium i ein arabisk dialekt på begynnarnivå eller i eit anna språk frå Midtausten eller Nord-Afrika, til dømes arameisk, berbisk, hebraisk, kurdisk, nubisk, persisk, syrisk, tyrkisk, urdu, osb. Studiet opnar òg for at studentar kan reisa ut for lengre opphald, og/eller ta kurs som svarar til andre emne enn dei tilrådde.</p>
Undervisningsmetodar	<p>Kursa inneheld normalt ulike komponentar med felles førelesingar og/eller seminar og undervisning i grupper. Desse omfattar opplæring i arabisk grammatikk, tekstgjennomgang av pensum bygd på klassiske og moderne arabiske tekstar, samt omsetjingsøvingar frå norsk eller engelsk til arabisk. På 100-nivået blir ulike munnlege øvingar gitt, inkl. høgtlesing, svar på spørsmål og enkel samtale i gitte tema.</p> <p>Fagmiljøet tek aktivt del i internasjonaliseringsprosessen på universitetet, og mesteparten av undervisninga i eit gitt emne kan være på engelsk. Det kan skje om utvekslingsstudentar eller andre utanlandske studentar er med i undervisninga. Skriftlege øvingar, andre oppgåver og eksamen (der ikkje arabisk skal brukast) skal alltid skrivast på anten norsk eller engelsk.</p>
Vurderingsformer	Gjennom programmet blir studentane prøvde på ulike måtar, til dømes ved skoleeksamen, munnleg eksamen og rettleidd oppgåve. Sjå emneplanen for det einskilde emnet.
Karakterskala	<p>Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) A-F, der F er stryk 2) Greidd/ikkje greidd <p>Sjå emneplanen for det einskilde emnet.</p>
Kompetanse for vidare studium	Bachelorprogrammet i arabisk kvalifiserer for opptak til masterprogrammet i arabisk.
Yrkesvegar	På grunn av den viktige rolla som arabisk spelar på det politiske og økonomiske området i dag, kan det være interessant å kombinera

	<p>dette språkfaget med fag som i seg sjølv opnar for ulike yrke. Arabisk kan med fordel kombinerast med til dømes handelsfag og marknadsføring, informasjonsvitskap, samanliknande politikk, offentleg administrasjon, jus, utviklingsstudium, mediefag eller journalistikk. Arabisk blir ofte kombinert med fag som historie, religionsvitskap, filosofi, midtaustenkunnskap, sosialantropologi, kunsthistorie, lingvistikk og andre språk. Språket er særskilt relevant for norskopplæring for framandspråklege, omsetjing og tolking, integreringsarbeid, helsesektoren, grunnskolelærarar i arabisk som valfag, utanrikstenesta og politiet med meir.</p>
Evaluering	Evaluering av programmet vert gjennomført i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Oppstart	Haust
Undervisningsstad	Bergen
Programansvarleg	Ludmila I. Torlakova, Institutt for framandspråk
Administrativ ansvarleg	Studierettleiar ved Institutt for framandspråk. E-post: studierettleiar@if.uib.no

Emneomtalar

Emnekode	ARA101
Emnenamn	Innføring i moderne standard arabisk
Name of the course unit	Introduction to Modern Standard Arabic
Studiepoeng	30
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB.
Mål og innhald	Dette er eit tilbod til studentar som treng intensiv grunnopplæring i moderne skriftleg standardarabisk. Studentane skal skaffa seg hovudlinene i moderne arabisk grammatikk ved bruk av norske termar og omgrepsapparat til grammatisk analyse. Studentane skal læra arabisk uttale, oppnå ein viss lese- og skrivedugleik, og kunne føra ein enkel samtale på språket. Målet er at ordforrådet studentane skal skaffa seg vil være på om lag 400 ord. Emnet er ein obligatorisk del av spesialiseringa i arabisk.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Etter fullført emne blir det venta at studentane skal kunne syna at dei har rimeleg til god kjennskap til dei grunnleggjande elementa nemnte under "Mål og innhald" ovanfor. Prinsipielt skal dei på grunnlag av emnet kunne halda fram med studiet av språket i eit arabisktalande land.
Tilrådde forkunnskapar	Det blir tilrådd at studentar som ønskjer ARA101 som del av bachelorgraden sin, særleg dei som har lita røynsle med framandspråk, tek ex.fac.-varianten Språk og kommunikasjon. Arbeid med det arabiske alfabetet før semesterstart kan være til stor hjelp. For å kunne gjennomføra dette emnet må ein ha gode lesekunnskapar i engelsk og god skriftleg dugleik i norsk.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Innføringsemnet i arabisk er eit heiltidsstudium som omfattar minst 12 kontakttimar i veka i 14 veker med aktiv undervisning. To prøveeksamenar på 3 timar er også inkluderte i opplegget. Til saman vil talet på kontakttimar bli om lag 174. Emnet tel tre komponentar som kvar har 4 timar undervisning i veka. Komponent 1 inneheld førelesingar i moderne arabisk grammatikk. Komponent 2 inneheld førelesingar med ulike skriftlege øvingar i omsetjing frå norsk eller engelsk til arabisk og andre grammatiske oppgåver. Komponent 3 inneheld førelesingar og/eller seminar i tekstgjennomgåing og ulike munnlege øvingar, inkludert høgtlesing, svar på spørsmål og enkel samtale i

	<p>gitte tema. Dei tre komponentane blir gitt tilnærma lik vekt gjennom studiet.</p> <p>Det blir dessutan gitt to frivillige prøveeksamenar som studentane kan få retta i løpet av semesteret. Dato og tid blir kunngjorde ved semesterstart.</p>
Obligatoriske arbeidskrav	Det blir kravd at studentane har 75% oppmøte til undervisninga for å få vurdering i emnet.
Vurderingsformer	<p>Vurderingsforma er todelt og er samansett av:</p> <p>1. Ei skriftleg prøve på åtte timar som omfattar a) omsetjing til norsk eller engelsk av tekstar frå språk- og tekstpensum, samt eventuelle mindre oppgåver knytte til tekstane, på om lag 80 ord, b) omsetjing til arabisk av ein skilde setningar og fraser, eller ein tekst på til saman om lag 50 ord, c) grammatisk analyse av understreka ord eller uttrykk frå pensumtekstane (om lag 10 ord), d) nokre andre grammatiske oppgåver, e) fullstendig vokalisering av stutte tekstutdrag frå tekstpensum (om lag 40 ord). Del a) og b) tel 25% kvar og resten til saman 50%. Grammatikkdelen må være greidd for at eksamen skal være greidd.</p> <p>2. Ei munnleg prøve (om lag 20 minutt) som består av a) opplesing og omsetjing av ein kort tekst frå pensum (anten med full vokalisering eller i samsvar med reglane for utelating av kortvokalar ved pause), og dessutan svar på grammatiske og andre spørsmål i samband med teksten, b) enkel samtale på moderne standardarabisk om tema frå tekstpensumet. Den munnlege prøven justerer den skriftlege karakteren, og maksimal endring er éin bokstav.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttast karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum er samansett av ei lærebok i arabisk alfabet, ei lærebok i arabisk grammatikk og eit støttekompendium til grammatikkførelesingar, utvalde hefte som omfattar omsetjing frå norsk/engelsk til arabisk og ulike øvingar i grammatikk, eit kompendium av utvalde adapterte og vokaliserte tekstar som dekkjer daglege emne som reise, hotell, heim, restaurant, studium, turisme, mat og familie.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem. Metoden for evalueringa er elektronisk, anonymt skjema.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	ARA103
Emnenamn	Standard skriftleg arabisk, vidareføring
Name of the course unit	Intermediate Standard Written Arabic
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB.
Mål og innhald	ARA103 er eit vidaregåande kurs i skriftleg arabisk som tek sikte på å gi studentane ein avgjerande auke i ordforråd og å betra den lese- og skrivedugleiken som dei har skaffa seg i ARA101. Emnet er ein obligatorisk del av spesialiseringa i arabisk.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Kurset styrkjer primært kompetansen i moderne standardarabisk, men tekstpensumet omfattar òg einskilde klassiske tekstar. Etter fullført kurs skal studentane kunne lesa, omsetja og gi grammatiske analysar av arabiske tekstar av moderat vanskegrad, hjelpt av ulike oppslagsverk og ordbøker som ikkje er ordna alfabetisk. Dei skal òg kunne omsetja einskilde setningar eller tekstar til arabisk.
Tilrådde forkunnskapar	ARA101 eller tilsvarande. For å kunne gjennomføra dette emnet må ein ha gode lesekunnskapar i engelsk og god skriftleg dugleik i norsk. Det blir tilrådd at studentar som ikkje har tatt ARA101 gjer seg kjende med terminologien og omgrepsapparatet som blir nytta i undervisninga.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Undervisninga er delt i to komponentar. Komponent 1 inneheld førelesingar med omsetjing og tekstgjennomgang av klassiske og moderne tekstar (om lag fire timar i veka i 14 veker). Komponent 2 består av førelesingar med skriftlege øvingar i omsetjing frå norsk eller engelsk til arabisk og andre grammatiske oppgåver (om lag to timar i veka i 14 veker). Komponent 1 blir vekta med om lag 70% og komponent 2 med om lag 30%.
Obligatoriske arbeidskrav	Det blir kravd at studentane har 75% oppmøte til undervisninga for å få vurdering i emnet.
Vurderingsformer	Vurderingsforma er todelt og er samansett av: <p>1. Ei skriftleg prøve på seks timar som omfattar a) tekstutdrag frå tekstpensumet og ein ukjend tekst som skal omsetjast til norsk eller engelsk, dessutan ein del grammatiske spørsmål og fullstendig vokalisering eller transkripsjon av nokre oppgitte liner, b) omsetjing frå norsk eller engelsk til arabisk, samt andre grammatiske oppgåver. Tillatte hjelpemiddel: Inntil tre ordbøker, men ikkje arabiske ordbøker som er ordna alfabetisk. Del (a) tel 70% og del (b) tel 30%. Grammatikkdelen må være</p>

	greidd for at eksamen skal være greidd. 2. Ei munnleg prøve (om lag 30 minutt) som inneheld opplesing og omsetjing av ein stutt tekst frå pensum (anten med full vokalisering eller i samsvar med reglane for utelating av kortvokalar ved pause), samt svar på språklege spørsmål i samband med teksten. Den munnlege prøven justerer den skriftlege karakteren, og maksimal endring er éin bokstav.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttast karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Eit pensum på kring 25 sider moderne og klassiske tekstar. Tilrådde ordbøker og oppslagsverk.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	ARA105
Emnenamn	Munnleg arabisk
Name of the course unit	Spoken Arabic
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB.
Mål og innhald	ARA105 er eit vidaregåande kurs i munnleg arabisk, og utgjer ein obligatorisk del av spesialiseringa i arabisk. Kurset tek sikte på å gi eit passivt oversyn over ein arabisk dialekt og dels aktiv bruk av same dialekten. Samstundes er kurset retta mot å betra den lese- og taledugleiken i standardarabisk som studentane har skaffa seg i ARA101.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Studentane skal skaffa seg ein viss passiv og aktiv kunnskap om ein arabisk dialekt, samt betra den lese- og taledugleiken i standardarabisk som dei har skaffa seg i ARA101. Gjennom ARA105 skal studenten dessutan utvida ordforrådet sitt i standardarabisk. Etter fullført studium skal studentane ha grunnkompetanse i å samanlikna arabisk dialekt og standardarabisk, som førebur dei til vidare studium og skriving av oppgåve om språksituasjonen i Midtausten.
Tilrådde forkunnskapar	ARA101 eller tilsvarande. For å kunne gjennomføra dette emnet må ein ha gode lesekunnskapar i engelsk og god skriftleg dugleik i norsk.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type 	Kurset inneheld a) innføring i ein arabisk dialekt, normalt Kairo-dialekten (om lag fire timar i veka i 14

<ul style="list-style-type: none"> • Timar pr veke • Veker 	veker), samt eit par førelesingar om skilnaden på skriftleg og talt standardarabisk, b) førelesingar med øvingar i munnleg standardarabisk, knytte til pensumtekstar (om lag. to timar i veka i 14 veker).
Obligatoriske arbeidskrav	Det blir kravd at studentane har 75% oppmøte til undervisninga for å få vurdering i emnet.
Vurderingsformer	Vurderingsforma er todelt og er samansett av: 1. Ei skriftleg prøve på seks timar som omfattar a) tekstar frå dialektpensum som skal omsetjast til norsk, dessutan ein del grammatiske spørsmål, b) skriftlege oppgåver knytte til tekstane som vart nytta i undervisninga av munnleg standardarabisk. Grammatikkdelen av den skriftlege prøven må være greidd for at eksamen skal være greidd. 2. Ei munnleg prøve som består av a) spørsmål knytt til dialektpensumet, b) spørsmål knytt til pensum i munnleg standardarabisk c) samtale på arabisk som kan være basert på pensum. Den munnlege prøven justerer den skriftlege karakteren, og maksimal endring er éin bokstav.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttast karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum består av ei lærebok i ein arabisk dialekt samt eit kompendium med lettare tekstar på moderne standardarabisk.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem. Metoden for evalueringa er elektronisk, anonymt skjema.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	ARA201
Emnenamn	Klassiske og moderne arabiske tekstar
Name of the course unit	Classical and Modern Arabic Texts
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Norsk og/eller engelsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB.
Mål og innhald	ARA201 konsentrerer seg om lesing og forståing av skjønnlitteratur og fagprosa som er skrive på klassisk og moderne standardarabisk. Kurset rettar seg mot å fremja innsyn i skilnadene mellom klassisk arabisk (frå 600-talet til 1900-talet) og moderne standardarabisk (etter 1900-talet). Samstundes er målet å utbetra og utvikla vidare studentane sin kunnskap i arabisk. Emnet utgjer ein obligatorisk del av spesialiseringa i arabisk.

Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Kurset tek sikte på å betra den lese-dugleiken som studentane har skaffa seg i ARA103, og skal utvida ordforrådet monaleg. Gjennom emnet skal studentane utvikla sin kunnskap i arabisk språk generelt ved å styrka forståinga av struktur, grammatikk og semantikk. Som språkretta kurs skal emnet gi dugleik i arabisk, då dette er grunnleggjande for å halda fram med mastergrad.
Tilrådde forkunnskapar	ARA103 eller tilsvarande. For å kunne gjennomføra dette emnet må ein ha gode lese-kunnskapar i engelsk og god skriftleg dugleik i norsk.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Emnet inneheld førelesingar med tekstanalysar av klassiske tekstar (om lag 4 timar i veka i 14 veker) og moderne tekstar (om lag 4 timar i veka i 14 veker).
Obligatoriske arbeidskrav	Det blir kravd at studentane har 75% oppmøte til undervisninga for å få vurdering i emnet.
Vurderingsformer	Vurderingsforma er todelt og er samansett av: <p>1. Ei skriftleg prøve på seks timar som omfattar tekstar frå skriftspråkpensum og ein ukjend tekst som skal omsetjast til norsk eller engelsk, vidare ein del grammatiske og stilistiske spørsmål, og dessutan fullstendig vokalisering eller transkripsjon av nokre oppgitte liner. Grammatikkdelen må være greidd for at eksamen skal være greidd. Tillatte hjelpemiddel: Inntil tre ordbøker, men ikkje arabiske ordbøker som er ordna alfabetisk.</p> <p>2. Ei munnleg prøve (om lag 30 minutt) som inneheld a) opplesing og omsetjing av ein stutt tekst frå pensum, og svar på språklege spørsmål i tilknytning til teksten, b) samtale på arabisk (standard eller dialekt). Den munnlege prøven justerer den skriftlege karakteren, og maksimal endring er éin bokstav.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttast karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Eit pensum på rundt 50 sider (halvparten klassiske og halvparten moderne arabiske tekstar). Tilrådde ordbøker og oppslagsverk. Eit tilrådd hefte med artiklar og andre verk med realiatekstar knytte til tekstpensumet.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem. Metoden for evalueringa er elektronisk, anonymt skjema.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	ARA252
Emnenamn	Arabisk språk og samfunn

Name of the course unit	Language and Society in the Arab World
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Norsk og/eller engelsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB.
Mål og innhald	ARA252 er eit vidaregåande kurs i arabisk med eit sjølvstendig skriftleg arbeid som vurderingsform. Målsetjinga er at studentane skal få ei innføring i forskarutdanningsmetodologi i arabisk på 200-nivå, samt eit breiare spekter over språkvitskaplege spørsmål om språket. Kurset kan skiftast ut, etter søknad, med ARA254 eller MKU250 Semesteroppgåve i Midtaustenemne. Tema for oppgåva blir gitt av fagmiljøet.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Kurset tek sikte på å gi studentane ei utdjupa røynsle, både praktisk og teoretisk, av den aktuelle språksituasjonen i den arabisktalande verda. Dei skal skaffa seg kompetanse i å transkribera arabisk samt arbeida sjølvstendig med kjeldemateriale for å skriva ei godt strukturert og samansett oppgåve.
Tilrådde forkunnskapar	ARA103 og ARA105 eller tilsvarande. For å kunne gjennomføre dette emnet må ein ha gode lesekunnskapar i engelsk og god skriftleg dugleik i norsk.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Overlapp	ARA104
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Emnet inneheld: a) 6 timar førelesingar i veka i 9 veker, pluss ei førelesing den tiande veka. Førelesingane vil dekkja skrivetekniske og fagspesifikke spørsmål (til dømes dataressursar og transkripsjon), samt emne som er direkte relevante til skriving av oppgåva. Dette kan til dømes være utviklinga av klassisk og moderne standardarabisk og dei noverande dialektane, diglossi, skilnader i skriftleg og tala standardarabisk, døme på dei mest avgjerande skilnadene på standardarabisk og ei eller fleire dialektar, ei innføring i ein arabisk dialekt, språkpolitikk i arabisktalande land, tilpassinga av standardspråket til moderne behov og språksituasjonen generelt i Midtausten. b) Gruppe- og/eller individuell rettleiing i samband med det sjølvstendige arbeidet. Dei siste fem vekene av semesteret blir vigde til ferdigskriving av oppgåva. Kvar student har rett på fire timar med rettleiing.
Obligatoriske arbeidskrav	Det blir kravd at studentane har 75% oppmøte til undervisninga for å få avleggja eksamen. I tillegg er det obligatorisk å levera eit utkast av oppgåva til rettleiing og å møte til ei rettleiing i løpet av semesteret.

Vurderingsformer	Vurderinga inneheld ei rettleidd oppgåve på om lag 15 sider. Oppgåver blir gitte av faglærar med eit tema innanfor område i emneomtalen. Dei obligatoriske aktivitetane nemnde under Obligatoriske arbeidskrav må være greidde for at ein skal kunne levera den rettleidde oppgåva til vurdering i undervisningsfritt semester.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttast karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensumet inneheld eit kompendium av artiklar og andre tekstar som omhandlar språksituasjonen i den arabisktalande verda. Ei lærebok i ei arabisk dialekt kan òg være aktuelt.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem. Metoden for evalueringa er elektronisk, anonymt skjema.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	ARA203
Emnenamn	Seminar i Midtaustens språk og kultur
Name of the course unit	Seminar in Middle Eastern Languages and Cultures
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår, haust, når ressursane tillèt det.
Undervisningsspråk	Norsk og/eller engelsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB.
Mål og innhald	Seminarret kan ha vekslande innhald (språk, språkvitskap, litteratur, kultur og liknande), og blir berre halde når ressursane tillèt det. Tal på kontakttimar vil variera i høve til kva tema som blir presentert, kor mange studentar det blir, med meir. Emnet er ikkje ein obligatorisk del av spesialiseringa i arabisk, men kan, med godkjenning frå instituttet, koma i staden for ARA105.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Seminarret har som mål å gi studentane eit variert tilbod og faget ein variert profil når ressursar og talet på tilsette tillèt det. Emnet kan være særskilt nyttig for studentar som startar med arabisk allereie i sitt andre semester ved UiB og ønskjer å halda fram med arabiskstudium etter at dei har fylt krava til spesialisering.
Tilrådde forkunnskapar	Forventa forkunnskapar varierer etter kva tema som blir presentert. For å kunne gjennomføra dette emnet må ein ha gode lesekunnskapar i engelsk og god skriftleg dugleik i norsk.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke 	Variere i høve til innhald. Normalt vil undervisninga innehalda førelesingar 6 timar i veka i 14 veker.

• Veker	
Obligatoriske arbeidskrav	Det blir kravd at studentane har 75% prosent oppmøte til undervisninga for å kunne avleggja eksamen.
Vurderingsformer	Vurderingsforma er todelt og er samansett av: 1. Ei skriftleg prøve på 6 timar. 2. Ei justerande munnleg prøve (om lag 30 minutt) som maksimalt kan endra den skriftlege karakteren éin bokstav.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttast karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensumet skal variera etter innhaldet av kurset.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	ARA254
Emnenamn	Metodologisk oppgåve i arabisk
Name of Course Unit	Methodology Paper in Arabic
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår, haust, når ressursar tillèt det.
Undervisningsspråk	Norsk og/eller engelsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB.
Mål og innhald	På ARA254 skal ein skriva ei rettleidd oppgåve av språkvitskapleg eller kulturvitskapleg art med tema godkjent av rettleiar. Emnet er ikkje ein obligatorisk del av spesialiseringa i arabisk, men kan, med godkjenning frå instituttet, koma i staden for ARA252.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Oppgåva skal visa at studenten er i stand til å gjera greie for språkvitskaplege (fonetikk, morfologi og/eller syntaks) eller kulturvitskaplege (litteratur eller islamvitskap) spørsmål i arabisktalande land i dag.
Tilrådde forkunnskapar	Forventa forkunnskapar varierer etter kva tema som blir valt. For å kunne gjennomføra dette emnet må ein ha gode lesekunnskapar i engelsk og god skriftleg dugleik i norsk.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Oppgåvetema blir gitt av fagmiljøet. Kvar student har rett til 4 timar med rettleiing. Normalt vil det òg bli gitt 4-6 timar med førelesingar i veka i 14 veker.
Obligatoriske arbeidskrav	I undervisningsveke sju skal studentane ha levert og fått godkjent ein detaljert skisse eller utkast til den rettleidde oppgåva. I tillegg er det obligatorisk å møta til ein rettleiingstime. Dei obligatoriske krava må være godkjente for at ein skal kunne levera oppgåva til

	vurdering.
Vurderingsformer	Ei rettleidd oppgåve på om lag 20 sider.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttast karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensumet skal variera etter innhaldet av kurset.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Bachelorprogram i engelsk

Framlegg til fagbasert BA i engelsk (hausten 2009)

Programnamn, norsk	Bachelorprogram i engelsk
Programnamn, engelsk	Bachelor's programme in English
Undervisningsspråk	Undervisningsspråket på engelskemna er engelsk. For alle andre fagemne, sjå den einskilde emneplanen.
Studiepoeng	180
Mål og innhald	<p>Engelsk er eit av dei mest brukte språka i verda. Det engelske språket har i dag ei sterk og dominerande stilling på mange område, t.d. i media og kulturlivet, i teknologi, utdanning og forskning, samt i næringslivet og i internasjonale relasjonar. Engelsk er òg det viktigaste framandspråket i den norske skolen, og står sterkt i norsk næringsliv.</p> <p>Oppøving av praktisk dugleik i engelsk er ein viktig del av studiet. I tillegg til arbeid med fagstoffet tek studiet sikte på å utvikle både den analytiske evna til studentane og evna til å kommunisere best mogleg på engelsk. Her står seminarundervisning sentralt.</p> <p>Emna på 200-nivå tek sikte på å øve opp ei kritisk og sjølvstendig haldning gjennom større konsentrasjon og fordjuping enn det som er mogleg i den meir oversynsprega innføringa på 100-nivå. Dette skjer mellom anna gjennom studium av utvalte emne i dei tre studiedisiplinane engelsk språk, engelskspråkleg litteratur og engelskspråkleg kultur. I tillegg til krava om større teoretisk innsikt og betre kunnskapar i faget, blir òg krava til språkdugleik større.</p>
Læringsutbytte	<p>Emna på 100-nivå skal gi studentane ei grunnleggjande innføring i:</p> <ul style="list-style-type: none"> • engelsk språk (fonetikk/fonologi og grammatikk) • engelsk sosiolingvistikk og engelsk som globalt språk • engelskspråkleg (hovudsakleg britisk og amerikansk) litteratur • kultur og samfunnstilhøve i Storbritannia, USA og andre engelsktalande land.
Opptakskrav	Generell studiekompetanse eller realkompetanse.
Tilrådde forkunnskapar	Studiet i engelsk er teoretisk krevjande og føreset gode kunnskapar i engelsk. Ein vil sterkt rå til at studentane i tillegg til generell

	studiekompetanse har studiespesialiserande programfag i engelsk frå vidaregåande skole med gode karakterar.
Innføringsemne	<p>Bachelorprogrammet i engelsk inneheld 30 studiepoeng med innføringsemne (førstesemesterstudiet) og er sett saman av:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Examen philosophicum • Akademisk skriving • Tekst og kultur eller Språk og kommunikasjon. <p>Språk og kommunikasjon er sterkt tilrådd.</p> <p>Bachelorgraden kan ikkje innehalda meir enn 30 studiepoeng innføringsemne.</p>
Obligatoriske emne/spesialisering	<p>Bachelorprogrammet i engelsk er 3-årig (180 studiepoeng). Programmet skal innehalda inntil 30 studiepoeng med innføringsemne (ex.phil. og ex.fac.), og 90 studiepoeng med spesialisering i engelsk. Dei siste 60 studiepoenga er frie.</p> <p>Spesialiseringa i engelsk omfattar emna ENG101, ENG106, ENG122, ENG125 og to emne på 200-nivå, der studentane vel eitt emne i språk og eitt i litteratur og kultur. Kombinasjonane på 200-nivå blir med dette anten ENG211 og ENG252 eller ENG212 og ENG251.</p> <p>Studentane kan skifte ut eitt emne på 200-nivå med TRANSHF, men likevel slik at ENG251 eller ENG252 inngår i spesialiseringa. Dette for å tilfredsstille gradskravet om eit sjøvstendig skriftleg arbeid på 15 studiepoeng, jfr. Utfyllande reglar for Det humanistiske fakultet.</p> <p>For å oppnå spesialisering i engelsk på bachelornivå, kan førehandsgodkjente heiltidsstudium i utlandet koma i staden for obligatoriske spesialiseringsemne i engelsk.</p>
Tilrådde valemne	Bachelorprogrammet i engelsk har 60 frie studiepoeng. Det er ingen spesielle føringar knytt til dei frie studiepoenga, og studentane vel sjølve kva fag og emne dei vil ta i tillegg til spesialiseringa.
Rekkjefølgje for emne i studiet	<p>Døme på rekkjefølgje for emne i studiet:</p> <p>1. semester (haust): Førstesemesterstudiet ex.phil og ex.fac (30 stp)</p> <p>2. semester (vår): ENG101 Engelsk språk I (15 stp) ENG125 Britisk litteratur og kultur (15 stp)</p> <p>3. semester (haust): ENG106 Engelsk språk II (15 stp) ENG122 Amerikansk litteratur og kultur (15 stp)</p>

	<p>4. semester (vår): ENG211 Engelsk språk / ENG251 Bacheloroppgåve i engelsk språk (15 stp) ENG212 Engelskspråkleg litteratur og kultur / ENG252 Bacheloroppgåve i engelskspråkleg litteratur og kultur (15 stp)</p> <p>5. semester (haust): Frie studiepoeng eller delstudium i utlandet (30 stp)</p> <p>6. semester (vår): Frie studiepoeng eller delstudium i utlandet (30 stp)</p>
Krav til progresjon i studiet	For ein fulltidsstudent er normal studieprogresjon 30 studiepoeng kvart semester.
Delstudium i utlandet	<p>Du kan ta delar av bachelorutdanninga di som utvekslingsstudent i eit anna land. Du kan velje blant Universitetet i Bergen sine avtaler i heile verda, anten for å studere innan spesialiseringa i programmet, eller for å ta frie studiepoeng i graden. Studentar som ønskjer å dra på utveksling som del av spesialiseringa, blir tilrådd å gjera dette på 200-nivå.</p> <p>Emna må førehandsgodkjennast av UiB.</p>
Undervisningsmetodar	Programmet omfattar ulike undervisningsformer; til dømes forelesingar, seminar, gruppeundervisning og individuell rettleiing. Sjå emneplanen for det einskilde emnet.
Vurderingsformer	<p>Gjennom programmet blir studentane prøvd på ulike måtar, eksempelvis ved rettleidd oppgåve, skoleeksamen, semesteroppgåve og munnleg prøve.</p> <p>Sjå emneplanen for det einskilde emnet.</p>
Karakterskala	<p>Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) A-F, der F er stryk 2) Greidd/ikkje greidd <p>Sjå emneplanen for det einskilde emnet.</p>
Kompetanse for vidare studium	Bachelorprogrammet i engelsk kvalifiserer for opptak til masterprogrammet i engelsk.
Yrkesveggar	<p>I kombinasjon med lærerutdanning kvalifiserer engelsk 100-nivå for undervisning i grunnskolen. Mange med bachelorgrad i engelsk er lærarar på ulike nivå. Kompetanse i engelsk er óg relevant i mange andre yrke der kommunikasjon står sentralt, t.d. omsetjing, journalistikk, media og forlagsverksemd, kulturformidling, reiseliv, økonomi og marnadsføring, og offentleg administrasjon.</p> <p>Kompetanse i engelsk gir óg tilgjenge til internasjonalt arbeid.</p>
Evaluering	Evaluering av programmet vert gjennomført i tråd med UiBs kvalitetssikringssystem.
Oppstart	Hhaust
Undervisningsstad	Bergen
Programansvarleg	Charles Armstrong, Institutt for framandspråk

Administrativ ansvarleg	Studierettleiar ved Institutt for framandspråk. E-post: studierettleiar@if.uib.no
-------------------------	--

Bachelorprogram i fransk

Framlegg til fagbasert BA i fransk h 2009

Programnamn, norsk	Bachelorprogram i fransk
Programnamn, engelsk	Bachelor's programme in French
Undervisningsspråk	Undervisningsspråket på franskemna er fransk og norsk. For alle andre fagemne, sjå den einskilde emneplanen.
Studiepoeng	180
Mål og innhald	<p>Bachelorstudium i fransk har som mål å gje generelle og spesialiserte kunnskapar i fransk språk og franskspråkleg litteratur og kultur. Gjennom studiet av pensum og bruk av ulike læringsformer, skal ein tileigna seg god praktisk dugleik i munnleg og skriftleg fransk, samstundes som ein utviklar ei sjølvstendig haldning til stoffet.</p> <p>Spesialiseringa i fransk (90 studiepoeng) inneheld seks emne: FRAN101/Fransk grammatikk (15 stp) FRAN102/Fransk litteratur (15 stp) FRAN103/Fransk kulturkunnskap og omsetjing (15 stp) FRAN114/ Omsetjing norsk-fransk, fonetikk og samfunnskunnskap (med vekt på munnleg fransk) (15 stp) FRAN201/Fordjuping i fransk grammatikk og omsetjing (15 stp) FRAN253/Fordjuping i fransk litteratur (15 stp)</p>
Læringsutbytte	<p>Ein kandidat med bachelorgrad i fransk skal kunna skjønna og bruka moderne fransk skriftleg og munnleg. Studenten skal òg ha innsikt i fransk språk- og litteraturvitskap. Det er lagt vekt på tileigning av kunnskapar og praktiske evner, men det er òg viktig at studentane byggjer opp ei sjølvstendig og reflekterande haldning til stoffet.</p> <p>Språk- og litteraturstudiet høyrer nøye saman. Gode språkkunnskapar trengst for å skjønna dei litterære verka, og inngåande kjennskap til eit representativt utval tekstar er ein føresetnad for ei nyansert forståing av det franske språket. Difor er vekselspelet mellom desse to disiplinane grunnleggjande i studiet.</p> <p>På 100-nivå høyrer det òg med ei innføring i kultur og samfunnstilhøve i Frankrike og andre fransktalande land. Kulturkunnskapsdisiplinen dannar ein naudsynleg bakgrunn for språk- og litteraturstudiet.</p>
Opptakskrav	Generell studiekompetanse eller realkompetanse.
Tilrådde forkunnskapar	For å gjennomføra studiet med godt resultat, trengst det førekunnskapar i fransk som svarar til minst nivå 2 frå

	vidaregåande skule. Alle som skal byrja på 100-nivå i fransk, får tilbod om ein diagnostisk test som kan gje ein peikepinn om eige språkleg nivå.
Innføringsemne	<p>Bachelorprogrammet i fransk inneheld 30 studiepoeng med innføringsemne (førstesemesterstudiet) og er sett saman av:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Examen philosophicum • Akademisk skriving • Tekst og kultur <u>eller</u> Språk og kommunikasjon. <p>Språk og kommunikasjon er sterkt tilrådd.</p> <p>Bachelorgraden kan ikkje innehalda meir enn 30 sp innføringsemne.</p>
Obligatoriske emne/spesialisering	<p>Bachelorprogrammet i fransk er 3-årig (180 studiepoeng). Programmet skal innehalda inntil 30 studiepoeng med innføringsemne (ex.phil. og ex.fac.), og 90 studiepoeng med spesialisering i fransk. Dei siste 60 studiepoenga er frie.</p> <p>Ei godkjend spesialisering i fransk utgjer normalt opptaksgrunnlaget for mastergrad.</p> <p>I bachelorprogram i fransk vil dei 90 studiepoenga i spesialiseringa normalt innehalda dei fire emna på 100-nivå og dei to emna på 200-nivå.</p> <p>Emnet TRANSHF – omsetjingsteori (med omsetjing mellom fransk og norsk) kan eventuelt koma i staden for eitt av emna på 200-nivå i fransk spesialisering. Eit anna alternativ er å ta emne tilsvarande 200-nivå som delstudium i utlandet. Ein må likevel sjå til at gradskravet om eit sjølvstendig skriftleg arbeid på 15 studiepoeng vert oppfylt, jfr. Utfyllande reglar for Det humanistiske fakultetet.</p> <p>Fransk kan òg utgjera spesialiseringa i dei tilrettelagde bachelorprogramma Språk og informasjon, Språk og interkulturell kommunikasjon, Europastudiar og Integrrert lektorutdanning med master i framandspråk. For desse programma kan det vera egne reglar for kva emne som vert kravde.</p>
Tilrådde valemne	Bachelorprogrammet i fransk har 60 frie studiepoeng. Det er ingen spesielle føringar knytt til dei frie studiepoenga, og studentane vel sjølve kva fag og emne dei vil ta i tillegg til spesialiseringa.
Rekkjefølgje for emne i studiet	<p>Tilrådd rekkjefølgje for emne i studiet:</p> <p>1. semester (H): Førstesemesterstudiet ex.phil og ex.fac (30 stp)</p> <p>2. semester (V): FRAN101 Fransk grammatikk (15 stp). Byggjer på fransk nivå II. FRAN103 Fransk kulturkunnskap og omsetjing (15 stp). Byggjer på fransk nivå II.</p>

	<p>3. semester (H): FRAN114 Omsetjing norsk-fransk, fonetikk og samfunnskunnskap (med vekt på munnleg fransk) (15 stp). Byggjer på fransk nivå II. FRAN102 Fransk litteratur (15 stp). Byggjer på fransk nivå II.</p> <p>4. semester (V): FRAN201 Fordjuping i fransk grammatikk og omsetjing (15 stp). Byggjer på FRAN101 og FRAN103. FRAN253 Fordjuping i fransk litteratur (15 stp). Byggjer på FRAN102. Eller Delstudium i utland der ein tar emne tilsvarande FRAN201 og FRAN253.</p> <p>5. semester (H): Frie studiepoeng/utveksling (30 stp).</p> <p>6. semester (V): Frie studiepoeng/utveksling (30 stp).</p> <p>Studentar kan sjølv velja om dei vil følgja det tilrådde løpet eller om dei vil byta om på rekkjefølgja av spesialisering og frie studiepoeng. Ein må då vera merksam på at franskemna har faste undervisningssemester. Det er uansett tilrådd at ein fullfører 100-nivå i fransk før ein tar fatt på 200-nivå.</p>
Krav til progresjon i studiet	For ein fulltidsstudent er normal studieprogresjon 30 studiepoeng kvart semester.
Delstudium i utlandet	<p>Du kan ta delar av bachelorutdanninga di som utvekslingsstudent i eit anna land. Du kan velja blant Universitetet i Bergen sine avtalar i heile verda, anten for å studera innan spesialiseringane i programmet, eller for å ta frie studiepoeng i graden. Emna må godkjennast på førehand av UiB.</p> <p>I programmet er det tilrådd at delstudium i utlandet blir lagt til eit fransktalande land. Universitetet i Bergen har fleire utvekslingsavtalar med universitet i til dømes Frankrike og Canada.</p> <p>Studentar som ønskjer å dra på utveksling som del av spesialiseringa blir tilrådd å gjera dette på 200-nivå. Ein kan òg reisa ut og ta frie studiepoeng. Det er tilrådd å samtala med studierettleiar eller ein fagperson i planlegginga av delstudium i utlandet.</p> <p>For studentar på 100-nivået arrangerer instituttet kvart år studieopphald ved Fransk-Norsk studiesenter i Caen, Frankrike (Université de Caen). Opplysningar om studiesenteret og om andre aktuelle kurstilbod kan ein få ved å venda seg til instituttet.</p>
Undervisningsmetodar	Programmet omfattar ulike undervisningsformer, til dømes

	forelesingar, seminar, gruppeundervisning og individuell rettleiing. Sjå emneplanen for det einskilde emnet.
Vurderingsformer	Gjennom programmet blir studentane prøvde på ulike måtar, eksempelvis ved mappevurdering, skoleeksamen, semesteroppgåve og munnleg prøve. Sjå emneplanen for det einskilde emnet.
Karakterskala	Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer: 1) A-F, der F er stryk 2) Greidd/ikkje greidd Sjå emneplanen for det einskilde emnet.
Kompetanse for vidare studium	Bachelorprogrammet i fransk gjer høve til å gå vidare med master i fransk.
Yrkesveggar	Fransk vert dagleg tala av 60 millionar menneske i Frankrike og av om lag like mange utanfor landet sine grenser, andre stader i Europa, dessutan i Afrika og i Amerika. Fransk er arbeidsspråk i ei rekkje internasjonale organisasjonar. Gode kunnskapar i fransk er sterkt etterspurde i ulike yrkessamanhengar innafor næringsliv (irekna handel, kommunikasjon, reiseliv), kulturliv og offentleg sektor. Vidare kvalifiserer dei fire emna på 100-nivå for undervisning i grunnskolen og den vidaregåande skolen. Det kan difor fungera som tilleggsfag for kandidatar frå dei pedagogiske høgskolane. Bachelorstudiet er òg grunnlag for vidare franskstudium på masternivå.
Evaluering	Evaluering av programmet vert gjennomført i tråd med UiBs kvalitetssikringssystem.
Oppstart	Haust
Undervisningsstad	Bergen
Programansvarlig	Margery Vibe Skagen, Institutt for framandspråk
Administrativ ansvarleg	Studierettleiar ved Institutt for framandspråk. E-post: studierettleiar@if.uib.no

Emneoversikt

Emnekode	FRAN101
Emnenamn	Fransk grammatikk
<i>Engelsk emnenavn</i>	<i>French grammar</i>
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	Emnet skal gje kunnskap om fransk språkstruktur særlig

	<p>innan syntaks og morfologi. Det skal òg gje studentane eit presist språkvitskapleg omgrepsapparat som arbeidsreiskap. Emnet skal òg vera med på å øva opp evna hjå studentane til å uttrykkja seg på standardfransk.</p>
<p>Læringsutbyte/resultat Kunnskap Dugleik Grunnkompetanse</p>	<p>Studentane skal ha fått grunnleggjande kunnskap om det franske språksystemet og ei viss forståing og meistring av eit presist språkvitskapleg omgrepsapparat. Studentane skal ha utvikla dugleik i å uttrykkja seg på standardfransk.</p> <p>Studentane skal ha fått nok kompetanse til å kunne vidareutvikla sine kunnskapar t.d. gjennom studiet av grammatikk på 200-nivå.</p>
Tilrådde førekunnskapar	<p>For å gjennomføra emnet med godt resultat, trengst det førekunnskapar i fransk som svarar til minst nivå 2 frå vidaregåande skule. Alle som skal byrja på 100-nivå i fransk, får tilbod om ein diagnostisk test som kan gje ein peikepinn om eige språkleg nivå. Ein tilrår studentane å følgja repetisjonskurset i fransk språk og språkbruk, som vert gjeve i dei to første vekene av vårsemesteret.</p>
Krav til førekunnskapar	Ingen
<p>Undervisning og omfang Type Timar per veke Veker</p>	<p>Undervisninga omfattar oversiktsførelingar og øvingstimar der studentane arbeider aktivt med å strukturera og formulera faglege resonnement innanfor emne som er gjennomgått på førelesingane. Omfanget er 4 – 6 timar per veke i 10 veker.</p>
Obligatoriske arbeidskrav	<p>Studentane skal levera inn to obligatoriske øvingsoppgåver i løpet av undervisningssemesteret. Oppgåvene må vera godkjende før ein kan ta eksamen i emnet.</p>
Vurderingsformer	<p>Eksamen er todelt: mappevurdering skoleeksamen</p> <p>Dei to delane tel 50 prosent kvar av den samla karakteren i emnet. Dei to deleksamenane må vera greidde i same semester.</p> <p>Mappevurdering: Studenten skal levera to skriftlege svar, kvart på om lag 1000 ord, til mappevurdering i slutten av undervisningssemesteret. Tema for oppgåvene vert gjeve ei veke før innlevering. Det skal svarast på norsk (eventuelt eit anna skandinavisk språk). Oppgåvene som inngår i mappa vert vurderte samla.</p> <p>Skoleeksamenen: Ein 3 timars skriftleg eksamen der studenten skal svara på norsk (eventuelt eit anna skandinavisk språk.) Studentane kan nytta eittspråkleg (fransk-fransk) ordbok godkjend av instituttet.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der

	F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum er ein større fransk grammatikk skriven på eit skandinavisk språk med hovudvekt på morfologi og syntaks. Læreboka er skriven i eit kontrastivt perspektiv: det blir lagt stor vekt på skilnader mellom norsk og fransk for å gjera tileigninga av framandspråket lettare. Som læremiddel brukar ein også øvingar i grammatikk som studentane kan arbeide sjølvstendig med på Internett.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	FRAN102
Emnenamn	Fransk litteratur
<i>Engelsk emnenavn</i>	<i>French literature</i>
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Fransk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	Emnet skal gje ei innføring i franskspråkleg litteratur og litteraturhistorie frå det 17. hundreåret fram til vår tid. Formålet er å utvikla evna hjå studentane til å lesa og tolka skjønnlitterære tekstar gjennom øving i litterær analyse og kunnskap om dei aktuelle periodane og forfattarane. I studiet av tekstane vert merksemda retta mot dei litterære og språklege verkemidla og korleis tekstane er knytte til fransk og frankofon kultur.
Læringsutbyte/resultat Kunnskap	Etter fullført emne skal kandidatane ha kunnskap om pensumtekstane og kjennskap til den kulturelle konteksten deira ha kunnskap om hovudlinene i fransk litteraturhistorie frå det 17. hundreåret og fram til vår tid ha kunnskap om nokre sentrale litterære teknikkar og deira bruk i narrative, dramatiske og lyriske tekstar kunna gjera greie for tematiske og formelle aspekt ved pensumtekstane på fransk kunna situera pensumtekstane i høve til hovudlinene i fransk litteraturhistorie
Dugleik	kunna bruka kunnskapane dei har skaffa seg i sjølvstendige analysar og drøftingar av pensumtekstane kunna utvikla vidare kunnskapane og dugleiken deira og forståinga av franskspråkleg litteratur gjennom vidare studium

Grunnkompetanse	
Tilrådde førekunnskapar	For å gjennomføra emnet med godt resultat, trengst det førekunnskapar i fransk som svarar til minst nivå 2 frå vidaregåande skole. Studentane bør ta vår-emna FRAN101 og FRAN103 før haustemna FRAN102 og FRAN114.
Krav til førekunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang Type Timer pr veke Veker	Førelesingar, oppgåvekurs, rettleiing i samband med den obligatoriske øvingsoppgåva, samt ei stutt innføring i bruk av databasert læringsprogram for sjølvstudium. I tillegg til den ordinære undervisninga er det filmframsyning kvar veke. Om lag 9 timar undervisning pr veke i 8 veker. Ved semesterstart vert det gjeve intensiv undervisning i emnet i 2 veker, så følgjer ein undervisningspause samstundes som emnet FRAN114 gjev eit 7 vekers studieopphald i Frankrike, og deretter vert det gjeve undervisning att i 6 veker fram til eksamen.
Obligatoriske arbeidskrav	I samband med undervisninga skal studentane skriva ei obligatorisk øvingsoppgåve på fransk (ca 1500 ord). Oppgåva vert delt ut nokre veker etter semesterstart, med innlevering 8-10 veker seinare. Datoane vert kunngjorde i samband med undervisninga og ved oppslag/nettet. Oppgåva skal vere godkjend før ein kan ta eksamen i emnet.
Vurderingsformer	Eksamen er ein 6 timars skriftleg prøve med ei oppgåve i litterær analyse eller om litterære problemstillingar. Ein skal svara på fransk. Studentane kan nytta eittspråkleg (fransk-fransk) ordbok godkjend av instituttet.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	a) Tekstpensum Pensumet er obligatorisk og inneheld følgjande: Det 17. hundreåret: 1 verk Det 18. hundreåret: 1 verk Det 19. hundreåret: 1 roman, 2 noveller Det 20. hundreåret: 5 romanar (2 frå frankofone område utanfor Frankrike), 3 noveller. I tillegg: 20 sider lyrikk frå det 19. og 20. hundreåret. I pensumoversynet på internett ligg det opplysningar om kva tekstar som til eikvar tid er pensum. b) Litteraturhistorie Studenten les eit stutt oversyn over fransk litteraturhistorie frå det 17. til det 20. hundreåret. Ein lyt òg skaffa seg grundigare kjennskap til forfatarane som er lagt opp på pensum. Stoff om dei einskilde forfatarane finst i litteraturhistorier, leksika og kommentarbøker til pensumverka.

Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	FRAN103
Emnenamn	Fransk kulturkunnskap og omsetjing fransk-norsk
<i>Engelsk emnenavn</i>	<i>French culture and translation from French to Norwegian</i>
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Norsk og fransk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB.
Mål og innhald	Emnet er tredelt. Studenten skal få ei innføring i fransk historie frå ca. 1600 og fram til i dag få ei innføring i den franskspråklege verda utanom Frankrike (la francophonie) få trening i omsetjing frå fransk til norsk
Læringsutbyte/resultat Kunnskap Dugleik Grunnkompetanse	Tileigning av basiskunnskap om historie og frankofoni (særleg dei språklege tilhøva i dei ulike landa) er nøye knytt til trening i å uttrykkja seg skriftleg og munnleg på fransk om desse emna. Trening i omsetjing frå fransk til norsk skal gje studenten betre forståing av strukturen til dei to språka og auke ordtilfanget.
Tilrådde førekunnskapar	For å gjennomføra emnet med godt resultat, trengst det førekunnskapar i fransk som svarar til minst nivå 2 frå vidaregåande skole. Alle som skal byrja på 100-nivå i fransk, får tilbod om ein diagnostisk test som kan gje ein peikepinn om eige språkleg nivå. Ein tilrår studentane å følgja repetisjonskurset i fransk språk og språkbruk, som vert gjeve i dei to første vekene av vårsemesteret.
Krav til førekunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang Type Timar per veke Veker	Kvar student får tilbod om 7 timar undervisning kvar veke i 12 veker: 2 t førelesing i historie 2 t førelesing i frankofoni 2 t førelesing i omsetjing frå fransk til norsk 1 t munnleg øving knytt til historie og frankofoni (gruppe)
Obligatoriske arbeidskrav	I samband med undervisninga skal ein levera eitt skriftleg arbeid for godkjenning i kvar av dei tre disiplinane (i historie og frankofoni oppgåver på om lag 1000 ord, i omsetjing ei oppgåve). Frist for innlevering av oppgåver vert gjeven i byrjinga av semesteret.
Vurderingsformer	Eksamen er tredelt: 1) Skriftleg eksamen (2 timar) i historie eller frankofoni.

	<p>Kva for ein disiplin som skal prøvast til skriftleg eksamen vert oppgjeven ei veke før eksamen.</p> <p>2) Munnleg eksamen på fransk i historie eller frankofoni (den av dei to disiplinane som ikkje vart prøvd til skriftleg eksamen).</p> <p>3) Skriftleg skoleeksamen (2 timar) i omsetjing fransk-norsk.</p> <p>Karakteren på kvar av dei tre prøvene tel 1/3 av samla emnekarakter. Alle deleksamenane må vera greidde i same semester.</p> <p>På dei skriftlege eksamensdagane kan ein nytta eittspråkleg (fransk-fransk) ordbok godkjend av instituttet.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	<p>Historie: eit oversyn over fransk historie frå 1600 til i dag, til dømes som det ein finn i Jean Carpentier og François Lebrun: <i>Histoire de France</i>, Points Seuil (om lag 200 s. tekst)</p> <p>Frankofoni: utdrag frå John Kristian Sanaker, Karin Holter og Ingse Skattum: <i>La francophonie, une introduction critique</i>, Unipub (om lag 140 sider)</p> <p>Eit presist pensumoversyn finn ein på Mi side.</p> <p>Omsetjing: ikkje noko tekstpensum</p>
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga vert evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	FRAN114
Emnenamn	Omsetjing norsk-fransk, fonetikk og samfunnskunnskap (med vekt på munnleg fransk)
Englesk emnenavn	<i>Translation from Norwegian to French, phonetics and French society (with emphasis on spoken French)</i>
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Norsk og fransk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB.
Mål og innhald	<p>Emnet har tre komponentar:</p> <p>(a) Munnleg fransk (konversasjon) knytt til eit pensum i franske samfunnstilhøve</p> <p>(b) Fransk uttale (lesedugleik) knytt til eit pensum i fonetikk</p> <p>(c) Omsetjing norsk-fransk</p> <p>Emnet skal (a) øva opp evna til å samtala på fransk om det franske samfunnet og samfunnsdebatten i dag</p>

	<p>(b) gje studentane ei god fransk uttale, styrkja lesedugleiken deira og gjera dei i stand til å gjera greie for hovudprinsippa i fransk uttale</p> <p>(c) Læra studentane å omsetja frå norsk til fransk enklare tekstar tekne frå til dømes aviser og skjønnlitteratur. Gjera studentane vane med bruk av eittspråklege og tospråklege ordbøker i omsetjingsarbeidet.</p>
<p>Læringsutbyte/resultat</p> <p>Kunnskap</p> <p>Dugleik</p> <p>Grunnkompetanse</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Kunnskapar <p>Etter fullført emne skal studentane (a) ha inngående kjennskap til konstitusjonelle, politiske, kulturelle og sosiale tilhøve ved det franske samfunnet i dag, (b) kjenna til hovudprinsippa i fransk uttale og (c) ha kunnskap om viktige skilnader mellom fransk og norsk setningsstruktur.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dugleik <p>Studentane skal (a) vera i stand til å samtala på fransk om det franske samfunnet og samfunnsdebatten i dag, (b) ha ei god fransk uttale og (c) vera i stand til å omsetja enklare allmennspråklege tekstar frå norsk til fransk</p> <ul style="list-style-type: none"> • Generell kompetanse <p>Studentane skal vera i stand til å følgja med i og kunna vurdera fransk samfunnsdebatt ut frå dei kunnskapane dei har fått.</p> <p>Dei skal vera kompetente til å arbeida med norsk-fransk omsetjing på eit høgare nivå, t.d. ved å ta FRAN201.</p>
Tilrådde førekunnskapar	<p>For å gjennomføra emnet med godt resultat, trengst det førekunnskapar i fransk som svarar til minst nivå 2 frå vidaregåande skole.</p> <p>Studentane bør ta våremna FRAN101 og FRAN103 før dei tek til med haustemna FRAN102 og FRAN114.</p>
Krav til førekunnskapar	Ingen
<p>Undervisning og omfang</p> <p>Type</p> <p>Timar per veke</p> <p>Veker</p>	<p>Kvar haust organiserer instituttet eit 7-vekers opphald for studentane i FRAN114 ved Det norske studiesenteret i Caen, med gjennomgang av pensum i franske samfunnstilhøve og fonetikk. Grunnkurset i fonetikk gjev dei viktigaste prinsippa for artikulasjon, lydssystem, rytme og intonasjonsmønster. For dei som ikkje kan følgja FRAN114 i Caen blir det gitt om lag 12 førelesingstimar i samfunnskunnskap og 12 førelesingstimar i fonetikk i løpet av dei 7 vekene dei andre studentane er i Caen. Samstundes blir det gitt om lag 6 timar praktiske øvingar i gruppe. For alle studentane blir det gitt om lag 28 førelesingstimar i omsetjing norsk-fransk i perioden før og etter 7-vekers-opphaldet.</p> <p>Studentane vil også kunna arbeida på eiga hand med omsetjingar i Multimedialaben eller på internett.</p>
Obligatoriske arbeidskrav	Studentane må levera inn og få godkjent to

	omsetjingsoppgåver i undervisningssemesteret før dei kan gå opp til munnleg og skriftleg eksamen.
Vurderingsformer	<p>Eksamen er todelt:</p> <p>1) Munnleg eksamen knytt til pensum i franske samfunnstilhøve og i fonetikk. Eksamen inneheld ei samtale på grunnlag av ein ukjend tekst med emne knytt til pensum i samfunnskunnskap. Emnekunnskap og språkleg dugleik tel likt i vurderinga av den munnlege prestasjonen.</p> <p>Eksamen inneheld òg høgtlesing av ein tekst der studenten må kommentera uttala, og spørsmål frå det teoretiske pensumet i fonetikk.</p> <p>2) Skriftleg eksamen (3 timar) i omsetjing norsk-fransk. Ein kan nytta eittspråkleg (fransk-fransk) ordbok godkjend av instituttet</p> <p>Munnleg og skriftleg eksamen tel 50 prosent kvar av samla karakter i emnet. Begge deleksamenane må vera greidde i same semester.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	I tillegg til pensum i franske samfunnstilhøve/munnleg fransk er det ein føresetnad at studenten har generell kjennskap til fransk kultur og samfunn. Dette kan ein skaffa seg t.d. ved å følgja med på fransk radio og fjernsyn, lesa franskspråklege aviser og bruka internett. Omsetjing norsk-fransk er ikkje knytt til eit særskilt pensum, men eit oversyn over ordbøker finst på internett. Der finst òg eit oversyn over pensum i franske samfunnstilhøve/munnleg fransk og uttale. Ein finn informasjon om pensum på Mi Side.
Undervisningsstad	Bergen og Caen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	FRAN201
Emnenamn	Fordjuping i fransk grammatikk og omsetjing
Engelsk emnenavn	<i>Specialization in French grammar and translation</i>
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Fransk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB.
Mål og innhald	Dette emnet inneheld eit pensum i grammatikk på om lag 200 – 250 sider henta frå ei moderne lærebok skriven på fransk, i motsetnad til læreboka på 100-nivå som er kontrastiv og skriven på eit skandinavisk språk.

	<p>Omsetjing frå norsk til fransk og frå fransk til norsk utgjer òg ein viktig del av dette emnet.</p> <p>Arbeidet både med grammatikk og med omsetjing har som mål å gje studentane større teoretisk kunnskap og praktisk dugleik i moderne fransk. Ikkje minst er omsetjingsdisiplinen viktig for å nå fram til større forståing av dei ulike strukturane i dei to språka.</p> <p>Dugleik i omsetjing så vel frå norsk til fransk som frå fransk til norsk er ein viktig kvalifikasjon når ein skal bruka franskstudiet i yrkessamanheng.</p>
<p>Læringsutbyte/resultat</p> <p>Kunnskap</p> <p>Dugleik</p> <p>Grunnkompetanse</p>	<p>Ved fullført emne skal kandidaten:</p> <ul style="list-style-type: none"> - ha djupare innsikt i språkvitskapelege omgrep og apparat for grammatisk analyse, - ha større kunnskap om fransk språkstruktur. - vera i stand til å reflektera kritisk rundt språkvitskapelege analysar av språket. - kunna nytta språklege omgrep til å analysera fransk språkbruk i ulike sjanrar. - kunna uttrykkja seg skriftleg på fransk og vera i stand til å skriva resonnerande tekstar på fransk. - kunna omsetja middels vanskelege tekstar innan ulike sjanrar. - ha kunnskap om kontrastive problemstillingar i omsetjing mellom norsk og fransk. - kunna vidareutvikla kunnskap og dugleik i disiplinen på sjølvstendig vis.
Tilrådde førekunnskapar	FRAN201 føreset språkkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå. Undervisninga byggjer vidare på FRAN101 og FRAN103.
Krav til førekunnskapar	Ingen
<p>Undervisning og omfang</p> <p>Type</p> <p>Timar per veke</p> <p>Veker</p>	<p>Størstedelen av pensum vert gjennomgått på førelesingar, ein dobbeltime i veka over 11 veker.</p> <p>Studentane bør levera inn skriftlege svar gjennom heile semestret. Studentane bør dessutan arbeida med øvingar i omsetjing i Multimedialaben eller på eigen datamaskin/internett. Det vil verta gjeve undervisning i omsetjing norsk-fransk og fransk-norsk gjennom heile semestret, 5 dobbeltimar fransk-norsk, 5 dobbeltimar norsk-fransk.</p>
Obligatoriske arbeidskrav	For å kunna ta eksamen i emnet må studentane få godkjent ei av øvingsoppgåvene i grammatikk og ei av omsetjingsoppgåvene som er blitt gjeven i samband med undervisninga.
Vurderingsformer	<p>Eksamen er todelt:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) Ei 3 timars prøve i omsetjing frå fransk til norsk og frå norsk til fransk. 2) Ei 3 timars prøve i grammatikk der ein skal svara på fransk.

	<p>På begge eksamensdagane kan studentane nytta fransk-fransk ordbok godkjend av instituttet.</p> <p>Prøva i omsetjing og grammatikkprøva tel 50 prosent kvar av samla karakter i emnet. Begge eksamensdelane må vera greidde i same semesteret.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Obligatorisk pensum: eit moderne franskspråkleg grammatikkverk på om lag 300 sider. I pensumoversynet på internett ligg det opplysningar om kva tekstar som til eikvar tid er pensum.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	FRAN253
Emnenamn	Fordjuping i fransk litteratur
Engelsk emnenavn	<i>Specialization in French literature</i>
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Fransk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB.
Mål og innhald	Emnet tek for seg romanen som sjanger i eit diakront perspektiv. Gjennom studiet av fem representative romanar, sette i kulturhistorisk samanheng og i ljøs av sentrale, romantekniske omgrep, skal emnet gje eit oversyn over utviklinga i sjangeren frå det 17. hundreåret og fram mot vår tid.
Læringsutbyte/resultat	Etter fullført emne skal kandidaten ha innsikt i dei utvalte pensumverka ha kunnskap om den kulturhistoriske konteksten i verka ha kunnskap om sentrale romantekniske omgrep kunna bruka dei tileigna omgrepa i sjølvstendige analysar av pensumtekstar
Dugleik	kunna analysera tekstane tematisk og i kulturhistorisk perspektiv kunna drøfta skriftleg og munnleg problemstillingar knytte til pensum kunna formidla kunnskapar innanfor eige fagområde på munnleg og skriftleg fransk kunna planleggja og gjennomføra arbeidsoppgåver som strekkjer seg over ei viss tid kunna vidareutvikla kunnskapane sine, dugleik og forståing gjennom vidare studium og yrkesliv
Grunnkompetanse	
Tilrådde førekunnskapar	FRAN253 føreset språkkunnskapar som svarar til emna på 100-nivå.

	Undervisninga byggjer på FRAN102.
Krav til førekunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang Type Timar pr veke Veker	Førelesingar, seminar og rettleiing. 3 timar pr veke 14 veker
Obligatoriske arbeidskrav	Studentane skal seinast fire veker før eksamen få godkjent eit munnleg innlegg (ca 15 minutt) knytt til pensum i emnet. Studentane utarbeider innlegget i samråd med faglærer. Manuskriptet til innlegget skal leverast samstundes med innlegget. I samband med semesteroppgåva skal det vera minst eitt rettleiingsmøte.
Vurderingsformer	Eksamen er ei semesteroppgåve på om lag 4000 ord skriven på 3 veker mot slutten av semesteret. Ein skal skriva oppgåva på fransk. Som avslutning på emnet vert det arrangert ein munnleg eksamen i litteraturpensumet. Prøva skal samstundes syna den munnlege dugleiken i fransk hjå kandidatane. Munnleg og skriftleg eksamensdel tel 50 prosent kvar av samla karakter i emnet. Begge prøvene må vere greidde i same semester.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum inneheld fem romanar utanom ei innføring i romanteori. Ein set seg inn i ein eller to representative romanar frå kvart av dei fire siste hundreåra, og i litteraturhistorisk bakgrunnsstoff med relevans for verka. Ein les òg eit innføringspensum i romanteori/narratologi som er i tråd med det teoretiske siktemålet. I samråd med faglærer kan ein byta ut eitt av verka med eit anna verk frå det same hundreåret med minst same omfang og vanskegrad.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga vert evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Bachelorprogram i italiensk

Framlegg til fagbasert BA i italiensk (haust 2009)

Programnamn, norsk	Bachelorprogram i italiensk
Programnamn, engelsk	Bachelor's programme in Italian
Undervisningsspråk	Undervisningsspråk på italienskemna er italiensk og norsk. For alle

	andre fagemne, sjå den einskilde emneplanen.
Studiepoeng	180
Mål og innhald	<p>Bachelorstudium i italiensk har som mål å gje generelle og spesialiserte kunnskapar i italiensk språk og italienskspråkleg litteratur og kultur. Gjennom studiet av pensum og bruk av ulike læringsformer, skal ein tileigna seg god praktisk dugleik i munnleg og skriftleg italiensk, samstundes som ein utviklar ei sjølvstendig haldning til stoffet. Studentane skal på bachelornivå dessutan skaffa seg ein viss kjennskap til italiensk språk- og litteraturvitskap og til italienske kulturtilhøve i vid tyding.</p> <p>Italiensk, som høyrer til dei romanske språka og altså går attende til latin, vert tala av oppunder 60 millionar menneske. Det er nasjonalspråk i Italia, og italiensk er eitt av dei fire offisielle språka i Sveits, der særleg kantonen Ticino er italienskspråkleg. Italiensk er berar av ein særskild rik kultur som gjennom tidene har gjeve djuptgripande impulsar til resten av Europa og verda i det heile. I vår tid spelar Italia ei sentral rolle så vel kulturelt som politisk og økonomisk.</p>
Læringsutbytte	<p>Ein kandidat med bachelorgrad i italiensk skal kunna skjønna og bruka moderne italiensk skriftleg og munnleg. Studenten skal òg ha innsikt i italiensk språk- og litteraturvitskap. Det er lagt vekt på tileigning av kunnskapar og praktiske evner, men det er òg viktig at studentane byggjer opp ei sjølvstendig og reflekterande haldning til stoffet.</p> <p>Språk- og litteraturstudiet høyrer nøye saman. Gode språkkunnskapar trengst for å skjønna dei litterære verka, og inngåande kjennskap til eit representativt utval tekstar er ein føresetnad for ei nyansert forståing av det italienske språket. Difor er vekselspelet mellom desse to disiplinane grunnleggjande i studiet.</p> <p>På 100-nivå høyrer det òg med ei innføring i kultur og samfunnstilhøve i Italia. Kulturkunnskapsdisiplinen dannar ein naudsynleg bakgrunn for språk- og litteraturstudiet.</p>
Opptakskrav	Generell studiekompetanse eller realkompetanse.
Tilrådde forkunnskapar	Ein rår til at studentane i tillegg til generell studiekompetanse har forkunnskapar i italiensk som svarar til nivå II frå vidaregåande skole, ITAL001 Innføringskurs i italiensk eller tilsvarande.
Innføringsemne	<p>Bachelorprogrammet i italiensk inneheld 30 studiepoeng med innføringsemne (førstesemesterstudiet) og er sett saman av:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Examen philosophicum • Akademisk skriving • Tekst og kultur eller <u>Språk og kommunikasjon</u>. <p>Språk og kommunikasjon er sterkt tilrådd.</p> <p>Bachelorgraden kan ikkje innehalda meir enn 30 studiepoeng</p>

	innføringsemne.
Obligatoriske emne/spesialisering	<p>Bachelorprogrammet i italiensk er 3-årig (180 studiepoeng). Programmet skal innehalda inntil 30 studiepoeng med innføringsemne (ex.phil. og ex.fac.) og 90 studiepoeng med spesialisering i italiensk. Dei siste 60 studiepoenga er frie.</p> <p>Spesialiseringa i italiensk omfattar emna ITAL111, ITAL112, ITAL113, ITAL114, ITAL201 og ITAL252</p> <p>Studentane kan skifte ut eitt emne på 200-nivå med TRANSHF, men likevel slik at ITAL252 inngår i spesialiseringa. Dette for å tilfredsstille gradskravet om eit sjøvstendig skriftleg arbeid på 15 studiepoeng, jfr. Utfyllande reglar for Det humanistiske fakultet.</p> <p>For å oppnå spesialisering i italiensk på bachelornivå, kan førehandsgodkjente heiltidsstudium i utlandet koma i staden for obligatoriske spesialiseringsemne i italiensk.</p>
Tilrådde valemne	Bachelorprogrammet i italiensk har 60 frie studiepoeng. Det er ingen spesielle føringar knytt til dei frie studiepoenga, og studentane vel sjølve kva fag og emne dei vil ta i tillegg til spesialiseringa.
Rekkjefølgje for emne i studiet	<p>Døme på rekkjefølgje for emne i studiet:</p> <p>1. semester (haust): Førstesemesterstudiet ex.phil og ex.fac (30 stp)</p> <p>2. semester (vår): ITAL111 Italiensk grammatikk og fonetikk (15 stp) ITAL113 Italiensk kulturkunnskap (15 stp)</p> <p>3. semester (haust): ITAL112 Italiensk litteratur (15 stp) ITAL114 Munnleg italiensk og pedagogisk omsetjing frå norsk til italiensk (15 stp)</p> <p>4. semester (vår): ITAL201 Italiensk grammatikk og omsetjing (15 stp) ITAL252 Eldre italiensk litteratur (15 stp)</p> <p>5. semester (haust): Frie studiepoeng eller delstudium i utlandet (30 stp)</p> <p>6. semester (vår): Frie studiepoeng eller delstudium i utlandet (30 stp)</p>
Krav til progresjon i studiet	For ein fulltidsstudent er normal studieprogresjon 30 studiepoeng kvart semester.
Delstudium i utlandet	Du kan ta delar av bachelorutdanninga di som utvekslingsstudent i eit anna land. Du kan velje blant Universitetet i Bergen sine avtaler i heile verda, anten for å studere innan spesialiseringa i programmet, eller for å ta frie studiepoeng i graden. Studentar som

	<p>ønsker å dra på utveksling som del av spesialiseringa, blir tilrådd å gjera dette på 200-nivå.</p> <p>Emna må førehandsgodkjennast av UiB.</p>
Undervisningsmetodar	<p>Programmet omfattar ulike undervisningsformer; til dømes forelesingar, seminar, gruppeundervisning og individuell rettleiing. Sjå emneplanen for det einskilde emnet.</p>
Vurderingsformer	<p>Gjennom programmet blir studentane prøvd på ulike måtar, eksempelvis ved rettleidd oppgåve, skoleeksamen, semesteroppgåve og munnleg prøve.</p> <p>Sjå emneplanen for det einskilde emnet.</p>
Karakterskala	<p>Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) A-F, der F er stryk 2) Greidd/ikkje greidd <p>Sjå emneplanen for det einskilde emnet.</p>
Kompetanse for vidare studium	<p>Bachelorprogrammet i italiensk kvalifiserer for opptak til masterprogrammet i italiensk.</p>
Yrkesvegar	<p>Italiensk er valfag ved nokre ungdomsskolar/vidaregåande skolar og folkehøgskolar, men dersom ein tek sikte på å arbeida i undervisningssektoren, vert det tilrådd å kombinera italiensk med eit meir sentralt skolefag.</p> <p>Gode kunnskapar i italiensk er etterspurde i ulike yrkessamanhengar innafor næringsliv – irekna handel, kommunikasjon, reiseliv – kulturliv og media og offentlig sektor. Bachelorstudiet er òg grunnlag for vidare italienskstudium på masternivå.</p>
Evaluering	<p>Evaluering av programmet vert gjennomført i tråd med UiBs kvalitetssikringssystem.</p>
Oppstart	<p>Haut</p>
Undervisningsstad	<p>Bergen</p>
Programansvarleg	<p>Reidar Veland, Institutt for framandspråk</p>
Administrativ ansvarleg	<p>Studierettleiar ved Institutt for framandspråk. E-post: studierettleiar@if.uib.no</p>

Bachelorprogram i japansk

Framlegg til fagbasert BA i japansk v/h 2009

Kategoriar	
Programnamn, norsk	Bachelorprogram japansk
Programnamn, engelsk	Bachelor's programme in Japanese
Undervisningsspråk	Undervisningsspråket på japanskemna er japansk og norsk. For alle

	andre fagemne, sjå den einskilde emneplanen.
Studiepoeng	180
Mål og innhald	<p>Japan er i dag ei økonomisk og politisk stormakt som ikkje berre spelar ei viktig rolle i sin eigen region, Aust-Asia, men også i ein global samanheng. Japansk kultur, historie og samfunn har gitt opphav til mange uttrykk som er blitt ein del av omgrepsverda vår, frå haiku, zen og karate, til sushi, manga og karaoke. Men framleis er japansk kultur på mange måtar svært ulik vår eigen. Gjennom studiet av japansk, møter studenten ei ny og fascinerande verd, der kjende element går inn i ein framandkulturell kontekst.</p> <p>Som tale- og skriftspråk for 126 millionar menneske er japansk det 9. mest talte språket i verda, og det dannar ein naturleg innfallspurt til ein kultur der gamalt og nytt lever side om side. Store mengder ny informasjon kan bli tilgjengeleg for dei som lærer å kjenna japansk språk og kultur. Det kulturelle utbytet vil vera vesentleg. Japansk skil seg frå vestlege språk på viktige punkt, og det er både utfordrande og spennande å få innsikt i dette skriftspråket som nyttar to stavingssystem og kinesiske skriftteikn. Det blir også lagt vekt på praktisk meistring av moderne japansk språk, der studenten får intensiv trening i å snakka, forstå, lesa og skriva japansk. Studenten får elles grunnleggjande kunnskapar om historie, samfunnstilhøve og kultur, ei oversikt over Japans litteraturhistorie, og moglegheit for fordjuping i eit Japanskrelatert tema.</p>
Læringsutbytte	<p>Hovudvekta i studiet vart lagt på språktillegning og språkforståing. Japansk er eit tidkrevjande språk å læra i forhold til nære europeiske språk, ikkje minst pga skriftsystemet. Det er derfor viktig å ha eit realistisk bilde av oppnåelig språknivå. Etter eit års studie skal studentane være i stand til å halde enkle samtaler om avgrensa tema og skrive enkle stilar ved hjelp av ordbok. Etter to år opplever mange at dei har et stort passivt vokabular og teiknforråd, men at dei framleis ikkje beherskar alminnelig konversasjon. Vi oppmodar derfor studentane til å nytta seg av UiBs utvekslingsmoglegheiter i løpet av studiet, for å få den rette balansen mellom teoretiske og praktiske språkkunnskapar.</p> <p>Den historiske og kulturelle konteksten for språket blir ivaretatt av ikkje-språklige emne. Forutan tileigning av solide kunnskapar om og innsikt i ulike sider ved det japanske samfunnet, vil det òg bli gitt oppøving i kritisk lesing av japanskrelaterte tekstar og forståing for ulike faglege tilnærmingar til Japan. Skjønnlitteratur og litteraturhistorie finnast ikkje som eigne emne ved faget, men er fletta inn i de språklege emna det siste semesteret.</p>
Opptakskrav	Generell studiekompetanse eller realkompetanse.
Tilrådde forkunnskapar	Ingen
Innføringsemne	Bachelorprogrammet i japansk inneheld 30 studiepoeng med innføringsemne (førstesemesterstudiet) og er sett saman av:

	<ul style="list-style-type: none"> • Examen philosophicum • Akademisk skriving • Tekst og kultur eller Språk og kommunikasjon. <p>Språk og kommunikasjon er <i>sterkt</i> tilrådd.</p> <p>Bachelorgraden kan ikkje innehalda meir enn 30 sp innføringsemne.</p> <p>Vi gjer oppmerksom på at bachelorprogrammet i japansk kun har oppstart annakvart år (partalsår).</p>
Obligatoriske emne/spesialisering	<p>Bachelorprogrammet i japansk er 3-årig (180 studiepoeng). Programmet skal innehalda inntil 30 studiepoeng med innføringsemne (ex.phil. og ex.fac.), og 90 studiepoeng med spesialisering i japansk. Dei siste 60 studiepoenga er frie.</p> <p>Studiet startar med innføringsemna i det første semesteret etterfølgd av emna JAP101, JAP102, JAP103, JAP104, JAP220 og JAP250 som alle er obligatoriske emne.</p> <p>JAP250 tilfredsstillar gradskravet om at eit sjølvstendig skriftleg arbeid på 15 studiepoeng vert oppfylt, jfr. Utfyllande reglar for Det humanistiske fakultetet.</p> <p>Vi gjer oppmerksom på at alle japanskemne har faste undervisningssemestrer i og med at ein kun har opptak til bachelorgrad i japansk annakvart år (partalsår).</p>
Tilrådde valemne	<p>Bachelorprogrammet i japansk har 60 frie studiepoeng. Det er ingen spesielle føringar knytt til dei frie studiepoenga, og studentane vel sjølve kva fag og emne dei vil ta i tillegg til spesialiseringa. Instituttet kan likevel anbefala JAP230 og JAP240.</p>
Rekkjefølgje for emne i studiet	<p>Studiet startar med innføringsemna i det første semesteret etterfølgd av JAP101, JAP102, JAP103, JAP104, JAP220, JAP250 i gitt rekkjefølgje.</p>
Krav til progresjon i studiet	<p>For ein fulltidsstudent er normal studieprogresjon 30 studiepoeng kvart semester.</p>
Delstudium i utlandet	<p>Det blir sterkt tilrådd at studentane i løpet av studiet har eit opphald i Japan. Me kan gje tilbod om eit studieopphald på eit japansk universitet, helst i løpet av det tredje semesteret. Søkjarar til studieopphald i Japan vil bli valde ut på bakgrunn av faglege kvalifikasjonar. Me gjer oppmerksom på at det japanske studieåret byrjar 1. april. Kontakt studierettleiar eller faglærar for nærmare informasjon.</p>
Undervisningsmetodar	<p>Programmet omfattar ulike undervisningsformer; til dømes forelesingar, seminar/gruppeundervisning, lydlab/videoframvising. Sjå emneplanen for det einskilde emnet.</p>
Vurderingsformer	<p>Programmet omfattar ulike undervisningsformer, til dømes forelesingar, seminar, gruppeundervisning og individuell rettleiing. Sjå emneplanen for det einskilde emnet.</p>

Karakterskala	Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer: 1) A-F, der F er stryk 2) Greidd/ikkje greidd Sjå emneplanen for det einskilde emnet.
Kompetanse for vidare studium	
Yrkesveggar	Blant yrkesgrupper der kompetanse i japansk og kjennskap til Japan er nyttig, kan nemnast næringsliv (f.eks. turistnæringen, fiskeeksport) og internasjonalt retta organisasjonar, og elles undervisning, forskning, presse og etermedium. Kandidatar med japansk er óg å finna i utanrikstenesta eller dei er sysselsette med bibliotekarbeid eller omsetjingsoppgåver. For å kunne bruke japansk aktivt i jobbsamenheng er lengre opphald i Japan undervegs i eller etter studiet naudsaamt.
Evaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Oppstart	Haust
Undervisningsstad	Bergen
Programansvarleg	Institutt for framandspråk E-post: studierettleiar@if.uib.no

Emneomtalar

Emnekode	JAP101
Emnenamn	Japan: Kultur og samfunn
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Annakvar vår (partalsår)
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	Målet er å gi basiskunnskapar om det japanske samfunnet og om korleis det har utvikla seg til ein moderne nasjon.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Ferdigheitar • Grunnkompetanse 	Studiet gir breie kunnskapar i realia (geografi, historiske epokar), og forståing for Japans kulturelle verdigrunnlag og historiske utvikling. Det blir kasta lys over ulike sider ved det moderne samfunnet, som utdanning, arbeidsliv, religiøsitet, familieproblematikk, minoritetar og tilhøvet til nabostatane. For dei som studerer det japanske språket, er dette emnet ei hjelp til å setja språket inn i ein vidare samanheng. JAP101 eller tilsvarande er obligatorisk i ei spesialisering i japansk ved UiB.
Tilrådde forkunnskapar	Ingen

Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Undervisninga blir gitt i form av førelesingar, studentpresentasjonar og bruk av multimedia. 3 timer per veke i 12 veker.
Obligatoriske arbeidskrav	For å få gå opp til eksamen, skal studenten halde ein munnleg presentasjon om eit godkjend emne med støtteark eller liknande for medstudentar. Presentasjonen blir vurdert som godkjend / ikkje godkjend.
Vurderingsformar	4 timar skriftleg eksamen. Eksamen blir arrangert i semester med undervisning, men moglegheit for å ta ny eksamen i det påfølgjande semesteret.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	850-1000 sider pensum som omfattar japansk samfunn, historie, religion, filosofi, språk og kultur.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Studentene skal evaluere undervisninga i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	JAP102
Emnenamn	Introduksjon til eit annleis språk
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Annakvar vår (partalsår)
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	Målet er å gi ein teoretisk og praktisk introduksjon til det japanske språket med vekt på grammatikk, vokabular og skrifteikn.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Ferdigheitar • Grunnkompetanse 	Studentane skal få ei forståing av språkssystemet og lære grunnleggjande grammatikk, vokabular, dei to stavingssystema og om lag 150 kinesiske teikn. Hovudvekta ligg på normalt formelt språk, men uformelle former blir også introdusert. Studentane skal og få oppøving i munnleg dugleik, og parallelt med språkinnlæringa får dei grunnleggjande kulturell innsikt og kjennskap til daglegliv og skikkar. Studentane skal få eit språkleg nivå tilsvarande <i>Japanese Language Proficiency Test</i> , nivå 4.
Tilrådde forkunnskapar	JAP101 eller tilsvarande kunnskapar.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timer pr veke 	Undervisninga vil bli gitt i form av forelesingar og gruppearbeid. 4 timar forelesing og 2 timar samtalegrupper i veka i 12 veker.

• Veker	
Obligatoriske arbeidskrav	<p>Dette emnet har jamlege obligatoriske heimeoppgåver. For å kunna gå opp til eksamen må studenten levera inn desse oppgåvene og få godkjend 75 prosent av dei. I tillegg blir det arrangert korte, skriftlege testar kvar månad, og studentane må ha greidd minst 3 av desse for å kunne ta eksamen i emnet.</p> <p>Det er obligatorisk oppmøte i samtalegruppene. Samla godkjende arbeidskrav er gyldige i eitt semester utover undervisningssemesteret.</p>
Vurderingsformar	<p>Skriftleg eksamen på 3 timar i lesedugleik, grammatikk og skrivedugleik.</p> <p>Eksamen blir arrangert i semester med undervisning, med moglegheit for å ta ny eksamen i det påfølgjande semesteret.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	<p>Pensum består av ei innføringsbok i japansk med tilhøyrande arbeidsbok og cd-ar. Verket inneheld dialogtekstar, grammatikkforklaringar, vokabular, øvingar og skrifteikn.</p> <p>Det blir utarbeidd ei liste over tilrådd tilleggslitteratur (grammatikkbøker, oppslagsverk og øvingar på Internett).</p>
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Studentene skal evaluere undervisninga i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	JAP103
Emnenamn	Japansk språk 2
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Annakvar haust (partalsår)
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	JAP103 byggjer på JAP102 og har vidare begynnarundervisning i og om det japanske språket, med vekt på språkstruktur, skriftspråk og høflig tale.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Ferdigheitar • Grunnkompetanse 	<p>Studentane skal få ei utvida forståing av språkssystemet og lære grammatikk, vokabular og om lag 170 nye kinesiske teikn. Uformell tale samt vørdsamt og audmjukt språk blir introdusert på dette nivået. Gjennom studiet av språket får studentane auka kulturell innsikt og kjennskap til daglegliv og skikkar.</p> <p>I kombinasjon med JAP104 skal studentane skal nå eit språkleg nivå i nærleiken av <i>Japanese Language</i></p>

	<i>Proficiency Test</i> , nivå 3.
Tilrådde forkunnskapar	JAP102 eller tilsvarende kunnskapar. Det er ein klar føremon å ta JAP103 og JAP104 i same semester.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timer pr veke • Veker 	Undervisninga vil bli gitt i form av forelesingar. 6 forelesingar i veka i 12 veker.
Obligatoriske arbeidskrav	<p>Dette emnet har jamlege obligatoriske heimeoppgåver. For å kunna gå opp til eksamen må studenten få godkjend 75 prosent av dei.</p> <p>Det godkjende arbeidskravet er gyldig i eitt semester utover undervisningssemesteret.</p>
Vurderingsformar	<p>Tre timar skriftleg eksamen i lesedugleik, grammatikk og skrive-dugleik.</p> <p>Eksamen blir arrangert i semester med undervisning, med moglegheit for å ta ny eksamen i det påfølgjande semesteret.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	<p>Pensum består av ei innføringsbok i japansk med tilhøyrande arbeidsbok og cd-ar. Verket inneheld dialogtekstar, grammatikkforklaringar, vokabular, øvingar og skrifteikn.</p> <p>Det blir utarbeidd ei liste over tilrådd tilleggslitteratur (grammatikkbøker, oppslagsverk og øvingar på Internett).</p>
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Studentene skal evaluere undervisninga i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	JAP104
Emnenamn	Japansk språk 3
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Annakvar haust (partalsår)
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	Studentane skal få oppøving i praktisk munnleg og skriftleg japansk, og skal gradvis eksponerast for autentisk japansk i ulike kontekstar.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Ferdigheitar • Grunnkompetanse 	<p>Å øva opp evna til å bruka japansk i naturlege situasjonar samt å få innsikt i skikkar og sedvanar. Gjennom lytteøvingar, bruk av multimedia og lesing av teikneseriar skal studentane læra å forstå daglegdags, munnleg japansk. Dei skal og få trening i å skrive stilar og e-postar på japansk og i bruk av ordbok.</p>

Tilrådde forkunnskapar	JAP102 eller tilsvarende kunnskapar. Det er ein klar føremon å ta JAP103 og JAP104 i same semester.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Ein del av kurset vil gå føre seg i lyd- og multimedialab. Undervisninga vil bli gitt i form av førelesingar og gruppearbeid. Det blir gitt 2 timar forelesing (inkl. lyd- og multimedia-lab.) og 2 timar samtalegrupper i veka i 12 veker.
Obligatoriske arbeidskrav	Dette kurset har jamlege obligatoriske heimeoppgåver. For å få ta eksamen må studenten levera inn desse oppgåvene og få godkjend 75 prosent av dei. Det er obligatorisk oppmøte i samtalegruppene. Samla godkjende arbeidskrav er gyldige i eitt semester utover undervisningssemesteret.
Vurderingsformar	Karakter blir sett på grunnlag av: <ol style="list-style-type: none"> 1) Ein skriftleg skoleeksamen på 6 timar, der alle hjelpemiddel er tillate. 2) Ein munnleg prøve på japansk. Skoleeksamen tel 60 prosent og den munnlege prøva tel 40 prosent av samla karakter i emnet. Eksamen blir arrangert i semester med undervisning, med moglegheit for å ta ny eksamen i det påfølgjande semesteret. Begge eksamensdelane må vere greidde i same semester.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum er ei innføringsbok i japansk språk med praktiske situasjonsøvingar, og ein øvingsbok i skrifteikn.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Studentene skal evaluere undervisninga i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	JAP210
Emnenamn	Kultur og samfunn II
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Annakvar vår (oddetalsår)
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	Målet er å gi ei breiare og djupare forståing for det japanske samfunnet og å få trening i kritisk lesing av ulike akademiske tekster og skrivning av slike.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap 	Å kunne lesa akademisk tekst om ulike Japan-relaterte tema med kritisk blikk og fokus på kunnskap, innsikt og

<ul style="list-style-type: none"> • Ferdigheitar • Grunnkompetanse 	argumentasjon. Studentane skal også sjølve produsere akademisk tekst og læra å ta imot råd og rettleiing undervegs. Studiet gir samstundes ei vidare innføring i Japan-relatert problematikk.
Tilrådde forkunnskapar	JAP101 og førstesemesteremnet Akademisk skriving (er det ei årsak til at nettopp akademisk skriving står her og ingen andre stader?)
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timer pr veke • Veker 	Undervisninga vil bli gitt i form av forelesingar og seminar. 2 timar per veke i 12 veker.
Obligatoriske arbeidskrav	Det er obligatorisk å delta i seminar om tema for semesteroppgåva. Dei som skal skrive oppgåve om sjølvvald emne, må i staden gjennomføra ein munnleg presentasjon av semesteroppgåva i plenum. Seminardeltaking/presentasjon må godkjennast for at oppgåva skal kunne leverast. Det er obligatorisk å møte til rettleiing to gonger på semesteroppgåva. Samla godkjende arbeidskrav er gyldige i eitt semester utover undervisningssemesteret.
Vurderingsformar	Karakter blir sett på grunnlag av: Ei rettleia semesteroppgåve på omlag 3500 ord med fastsett eller sjølvvald emne.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum består av artiklar frå bøker og tidsskrift som er eigna til diskusjon og framføring av argumentasjon.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Studentene skal evaluere undervisninga i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	JAP220
Emnenamn	Japansk språk 4
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Annakvar vår (oddetalsår)
Undervisningsspråk	Norsk og japansk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	JAP220 byggjer på JAP103/104 og har undervisning på mellomnivå i og om det japanske språket, med vekt på forståing av tekst i ulike sjangrar.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Ferdigheitar • Grunnkompetanse 	Studentane skal ved sidan av å læra grammatikk, vokabular og skrifteikn på mellomnivå, lære å lesa og forstå autentiske tekster ved å omsetja dei til norsk. Ein legg òg vekt på auka dugleik i munnleg japansk og i

	skrivning av stil. Det blir gitt ein del forelesingar på japansk for å øve opp lytteforståinga.
Tilrådde forkunnskapar	JAP103/104 eller tilsvarende kunnskapar.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Undervisninga vil bli gitt i form av forelesingar og samtalegrupper. 6 forelesingar og 2 gruppetimar i veka i 12 veker.
Obligatoriske arbeidskrav	Dette kurset har jamlege obligatoriske heimeoppgåver. For å kunna gå opp til eksamen må studenten levera inn desse oppgåvene og få greidd karakter på 75 prosent av dei. Det er obligatorisk oppmøte i samtalegruppene. Det godkjende arbeidskravet er gyldig i eitt semester utover undervisningssemesteret.
Vurderingsformar	Seks timar skriftleg eksamen i lesedugleik, grammatikk og skrivedugleik. Eksamen blir arrangert i semester med undervisning, med moglegheit for å ta ny eksamen i det påfølgjande semesteret.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum består av ei lærebok i japansk på mellomnivå med tilhøyrande cd-ar. Verket inneheld dialogtekstar, prosatekster, grammatikkforklaringar, praktiske øvingar og skriftteikn. Det blir utarbeidd ei liste over tilrådd tilleggslitteratur (grammatikkbøker, oppslagsverk og øvingar på internett).
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Studentene skal evaluere undervisninga i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	JAP230
Emnenamn	Japansk språk 5
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Annankvar haust (oddetalsår).
Undervisningsspråk	Norsk/japansk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB
Mål og innhald	Målet med kurset er å gi utvida kjennskap til språk, skrift, grammatikk og ulike stilartar, inkludert litterære. Kurset omfattar også eit pensum i japansk litteraturhistorie frå 700-talet og fram til i dag.
Læringsutbyte/resultat	Det etterstrebes eit kjennskapsnivå som ligg oppunder <i>Japanese Language Proficiency Test</i> , nivå 2. Studentane forventes å kunne uttrykke synspunkt og enkel argumentasjon på japansk, samt å kunne gi norske

	samandrag av autentisk japansk tekst. De skal òg være kjent med hovudlinjene i japansk litteraturhistorie og tilegne seg eit avgrensa japansk vokabular innanfor dette feltet. Det gis jamnelege forelesingar på japansk i semesteret.
Krav til forkunnskapar	JAP220 eller tilsvarende.
Undervisning og omfang	Undervisninga vil bli gitt i form av forelesingar. 6 forelesingar i veka i 12 veker.
Obligatoriske arbeidskrav	Dette emnet har jamlege obligatoriske heimeoppgåver. For å kunna gå opp til eksamen må studenten få godkjend 75 prosent av dei. Det godkjende arbeidskravet er gyldig i eitt semester utover undervisningssemesteret.
Vurderingsformer	Eksamen er ei skriftleg prøve på seks timar som testar tekstforståing (ukjend tekst), og kjennskap til grammatiske strukturer på høgare mellomnivå. Kandidaten må òg svare på spørsmål knytte til litteraturhistorie på norsk. Eksamen blir arrangert i semester med undervisning, med moglegheit til å ta eksamen i påfølgjande semester.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum er ei tekstbok på høgare mellomnivå, og dessutan eit kompendium/lenkesamling med autentiske tekstar frå ulike sjangrar som avisartiklar, nyheitsklipp, noveller, manga, osv. Studenten må også lesa eit pensum i japansk litteraturhistorie.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Studentane skal evaluere undervisninga i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	JAP240
Emnenamn	Japansk språk 6
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Annankvar haust (oddetalsår).
Undervisningsspråk	Norsk/japansk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB
Mål og innhald	Fordjuping i praktisk skriftleg og munnleg japansk på høgare mellomnivå, og oppøving av evna til å bruke japansk i naturlege situasjonar. Kurset omfattar òg sjølvvald japansk skjønnlitteratur lesen på japansk eller i omsetjing.
Læringsutbyte/resultat	Nivåmessig ligg kurset oppunder <i>Japanese Language Proficiency Test</i> , nivå 2. Gjennom lytteøvingar, bruk av multimedia, oversetjing til japansk og lesing av

	skjønnlitteratur skal studentane få auke innsikt i fleire sider ved det autentiske Japan. De skal òg få øving i å snakke på japansk om den skjønnlitteraturen dei har lest.
Krav til forkunnskapar	JAP220 eller tilsvarande.
Undervisning og omfang	Ein del av kurset vil gå føre seg i lyd- og multimedialab. Undervisninga vil bli gitt i form av forelesingar og gruppearbeid. Det blir gitt 2 timar forelesing (inkl. lyd- og multimedialab.) og 2 timar samtalegrupper i veka i 12 veker.
Obligatoriske arbeidskrav	Dette kurset har jamlege obligatoriske heimeoppgåver. For å kunna gå opp til eksamen må studenten levera inn desse oppgåvene og få godkjend 75 prosent av dei. Kvar student skal halde ein munnleg presentasjon på japansk om eit forfattarskap. Det er obligatorisk oppmøte i samtalegruppene. Obligatoriske oppgåver er gyldige i eit semester utover undervisningssemesteret.
Vurderingsformer	Karakter blir sett på grunnlag av: 1. Skriftlig skoleeksamen - oppgåve om eit oppgitt tema 3-4 sider, 6 timer 2. Ei munnleg prøve på japansk om sjølvvald japansk litteratur. Heimeoppgåva tel 60%, den munnlege prøva 40%. Eksamen blir arrangert i semester med undervisning, med moglegheit til å ta eksamen i påfølgjande semester.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum er et læreverk på høgare mellomnivå, samt lærebøker som vektlegger oppøving av munnlege ferdigheter. Studenten må lesa eit sjølvvalt pensum i japansk skjønnlitteratur på japansk eller i omsetjing. Det skjønnlitterære pensumet skal vera sett saman av japanske romanar og utvalde noveller og dikt.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Studentane skal evaluere undervisninga i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Bachelorprogram i russisk

Framlegg til fagbasert BA i russisk v/h 2009

Kategoriar	
Programnamn, norsk	Bachelorprogram i russisk

Programnamn, engelsk	Bachelor's programme in Russian
Undervisningsspråk	Undervisningsspråka på russiskemna er norsk og russisk. For alle andre fagemna, sjå den einskilde emneplanen.
Studiepoeng	180
Mål og innhald	<p>Russisk er det største språket i Europa med over 140 millionar morsmålbrukarar og i tillegg første framandspråk for ytterlegare over 100 millionar i det tidlegare Sovjetunionen. Det er eit av dei største verdsspråka og eit av dei seks offisielle språk i FN. Russisk er eit indoeuropeisk språk som høyrer til den slaviske språkfamilien. Slaviske språk kan delast inn i tre: aust-, vest- og sørslavisk. I selskap med kviterussisk og ukrainsk dannar russisk undergruppa austslaviske språk. Russisk kultur, og særleg litteratur, utgjer ein viktig del av den felleseuropeiske kulturarven. Som eit kulturhistorisk fenomen er det russiske standardspråket interessant fordi det er oppstått som ei samansmelting av austslaviske talespråk og kyrkjeslavisk, dei ortodokse slavarane sitt religiøse språk gjennom tusen år.</p> <p>Bachelorstudiet i russisk har både eit praktisk og eit teoretisk siktemål: Det skal leggja til rette for å øva opp språklege evner og utvikla forståinga av lingvistiske, kulturelle og litterære fenomen.</p> <p>I undervisningen blir det lagt vekt på praktisk meistring av moderne russisk språk, der studenten får intensiv trening i å snakka, forstå, lesa og skriva russisk. Studenten får elles ei innføring i russisk historie og samfunn og i russisk litteratur.</p> <p>Den generelle målsetjinga for russisk-studiet er:</p> <ul style="list-style-type: none"> - å øva opp praktisk og aktiv språkdugleik hjå studentane, både skriftleg og munnleg. - å gi studentane kunnskapar om og innsikt i russisk språk og russisk litteratur, kultur og samfunnsforhold. <p>Studentane skal samstundes øvast opp til ei sjølvstendig og reflekterande haldning til faget.</p>
Læringsutbytte	<p>Hovedvekten i studiet legges på språktilegnelse og språkforståelse. Russisk er et tidkrevende språk å lære sammenlignet med nære europeiske språk. Etter ett års studier skal studentene være i stand til å føre enkle samtaler om avgrensede temaer og skrive enkle tekster. Etter to år opplever mange at de har et forholdsvis stort passivt vokabular og kan lese russisk litteratur på originalspråket med hjelp av ordbok og at de behersker alminnelig konversasjon på eit enkelt nivå.</p> <p>Studenten får elles grunnleggjande kunnskapar om russisk litteratur, historie, samfunnstilhøve og kultur. På den måten er det både eit reiskapsfag for utdanning til yrke</p>

	<p>som krev solide kunnskapar om Russland, og eit grunnlag for vidare fordjuping innan dei ulike forskingsfelt i et masterstudium i russisk.</p>
Opptakskrav	Generell studiekompetanse eller realkompetanse
Tilrådde forkunnskapar	Ingen
Innføringsemne	<p>Bachelorprogrammet i russisk inneheld 30 studiepoeng med innføringsemne (førstesemesterstudiet) og er sett saman av:</p> <p>Examen philosophicum RUS100* Språk og kommunikasjon.</p> <p>* RUS100 erstattar akademisk skriving</p> <p>Bachelorgraden kan ikkje innehalda meir enn 30 sp innføringsemne.</p>
Obligatoriske emne/spesialisering	<p>Studiet startar med innføringsemna i det første semesteret. Legg merke til at i bachelorprogrammet i russisk vil RUS100 (Grunnkurs i skriftleg og munnleg russisk) erstatta akademisk skriving som innføringsemne. Avlagd eksamen i RUS100 er obligatorisk for vidare studium i russisk.</p> <p>Studentar som kan dokumentera kunnskapar tilsvarande RUS100 (Grunnkurs i skriftleg og munnleg russisk), kan få fritak frå dette emnet.</p> <p>I bachelorgraden er alle RUS-emna både på 100-nivå og 200-nivå obligatoriske.</p> <p>For å bli tatt opp til mastergraden i russisk, må studentar ha tatt alle dei obligatoriske emna som utgjør spesialiseringa i bachelorprogrammet.</p>
Tilrådde valemne	Bachelorprogrammet i russisk har 60 frie studiepoeng. Det er ingen spesielle føringar knytt til dei frie studiepoenga, og studentane vel sjølve kva fag og emne dei vil ta i tillegg til spesialiseringa.
Rekkjefølgje for emne i studiet	Studiet startar med innføringsemne i det første semesteret etterfølgd av emna RUS111, RUS112, RUS113, RUS154, RUS211 og RUS212 i gitt rekkjefølgje.
Krav til progresjon i studiet	For ein fulltidsstudent er normal studieprogresjon 30 studiepoeng kvart semester.
Delstudium i utlandet	Det blir sterkt tilrådd at studentane i løpet av studiet har eitt eller fleire opphald i Russland. Me gjer tilbod om studieopphald ved det norske universitetssenteret i Sankt Petersburg etter det andre og i det fjerde semesteret. Dessutan er det mogleg å byggja inn eit studieopphald ved eit russisk universitet i året med frie studiepoeng.
Undervisningsmetodar	Programmet omfattar ulike undervisningsformer; til dømes forelesingar, øvingar og konversasjon i grupper.

	Sjå emneplanen for det einskilde emnet.
Vurderingsformer	Gjennom programmet blir studentane prøvd på ulike måtar, eksempelvis ved mappevurdering, skoleeksamen, semesteroppgåve og munnleg prøve. I tillegg skriv dei ei bacheloroppgåve. Sjå emneplanen for det einskilde emnet.
Karakterskala	Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer: 1) A-F, der F er stryk 2) Greidd/ikkje greidd Sjå emneplanen for det einskilde emnet.
Kompetanse for vidare studium	Bachelorprogrammet i russisk kvalifiserer for opptak til masterprogrammet i russisk.
Yrkesveggar	Bachelorprogrammet i russisk gir generell kompetanse som kan nyttast i ei rekkje samanhengar. I tillegg til den praktiske kompetansen du får i det russiske språket gir graden ei verdifull innsikt i den russiskspråklege kulturen. Blant yrkesgrupper der kompetanse i russisk og kjennskap til Russland og nabostatene er nyttig, kan nemnast næringsliv og internasjonalt retta organisasjonar, og elles undervisning, kulturformidling, media, reiseliv og offentleg administrasjon og forskning. Kandidatar med russisk er òg å finna i utanrikstenesta. Bachelorprogrammet i russisk til undervisning på de vidaregåande skulen og for variert arbeid både i offentleg og privat sektor på felt der det internasjonaliserte samfunnet treng språk- og kulturkunnskapar. For å kunne bruke russisk aktivt i jobbsamheng er lengre Russlandsopphald underveis i eller etter studiet, eller påbygging med mastergradsstudiar sterkt tilrådd. Ved påbygging til mastergrad får du kvalifikasjonar for vidare studium og for forskning, formidling og undervisning på høgare nivå og for variert arbeid både i offentleg og privat sektor på felt der det internasjonaliserte samfunnet set høge krav til både språk- og kulturkunnskapar.
Evaluering	Evaluering av programmet vert gjennomført i tråd med UiBs kvalitetssikringssystem.
Oppstart	Haust
Undervisningsstad	Bergen
Programansvarleg	Institutt for framandspråk E-post: studierettleiar@if.uib.no eller studieveileder@if.uib.no

Emneomtaler

Emnekode	RUS100
Emnenamn	Grunnkurs i skriftleg og munnleg russisk
Studiepoeng	10
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB. Personar utan studierett kan søke utdanningsavdelinga (UA) om å få gå opp til særskilt eksamen.
Mål og innhald	Kurset gir ei elementær innføring i hovudlinene i russisk språk og realia og skal danne eit godt grunnlag for vidare studiar i russisk.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Ferdigheitar • Grunnkompetanse 	<p>Studentane skal tileigna seg hovudlinene i moderne russisk grammatikk og uttale.</p> <p>Kurset skal gje nok ferdigheitar til at studentane kan lesa og skriva enkle tekstar og føra ein enkel samtale på russisk.</p> <p>Alt på dette nivå skal studentane få innsikt i russisk kultur og samfunn, og dei skal vera godt budd til vidare studiar i russisk.</p> <p>RUS100 gjer grunnlag for vidare studiar i russisk, men kan også koma til nytte i ei rekkje andre studium, yrke og yrkeskombinasjonar.</p> <p>For studentar som ikkje kan dokumentera kunnskapar tilsvarande RUS100, er RUS100 eit obligatorisk emne for å kunna ta vidare studium innan russisk bachelor (RUS111, RUS112, RUS113, RUS154, RUS211 og RUS212).</p>
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timer pr veke • Veker 	<p>Kurset går over heile semesteret /12 veker med minimum 8 timar undervisning i veka.</p> <p>Undervisningsforma vil vera førelesingar kombinert med øvingar, omsetjing, lesevurdering, samtalar og liknande.</p>
Obligatoriske arbeidskrav	Studentane må levera 70 % av dei skriftlege innleveringsarbeida.
Vurderingsformar	<p>Ein avsluttande skriftleg eksamen på 4 timar pluss munnleg eksamen.</p> <p>Ved samanrekning av samla karakter for dei to disiplinane tel den skriftlege eksamen 70 % og den munnleg 30 %. Begge delar må vera bestått.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttast karakterskalaen A-F, kor F er stryk.
Læremiddelomtale	Ei begynnarbok vert gjennomgått. I tillegg kjem praktisk fonetikk og enkel konversasjon på russisk.

Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Studentene skal evaluere undervisninga i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no eller studieveileder@if.uib.no

Emnekode	RUS111
Emnenamn	Russisk grammatikk (1) og skriftleg russisk (1)
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB. Personar utan studierett kan søke utdanningsavdelinga (UA) om å få gå opp til særskilt eksamen.
Mål og innhald	RUS111 skal gje oversikt over russisk lydlære, formlære og syntaks og øva studentane opp i skriftleg russisk. Kurset skal danna eit grunnlag og vekke interessa for vidare utforsking og bruk av russisk språk.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Ferdigheiter • Grunnkompetanse 	<p>RUS111 består av dei to disiplinane <i>Russisk grammatikk (1)</i> og <i>Skriftleg russisk (1)</i>.</p> <p>Russisk grammatikk (1) Studentane får utvida kunnskapar i russisk grammatikk med hovudvekt på morfologi og syntaks og får innsikt i det russisk lydssystemet.</p> <p>Skriftleg russisk (1) Gjennom omsetjingsøvingar frå norsk til russisk vil studentane aktivisera kunnskapen i russisk grammatikk og auka ordforrådet sitt. Studentane vil utvikla ferdigheitar i omsetjing av tekstar og få trening i å gi skriftlege framstillingar på russisk som brev, stilar o. l.</p>
Krav til forkunnskapar	Begge disiplinane i RUS111 byggjer på RUS100. Grunnkurs i skriftleg og munnleg russisk, og det vert kravd faglege føresetnader som svarer til dette emnet.
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timer pr veke • Veker • Totalt • Obligatoriske aktivitetar 	<p>Kurset Russisk grammatikk (1) vil gå over eit heilt semester med 4 timar undervisning i veka. Undervisningsforma vil vera førelesingar og øvingar.</p> <p>Kurset Skriftleg russisk (1) vil gå over eit heilt semester med 2 timar undervisning i veka. Undervisningsforma vil vera gjennomgang av skriftlege arbeid og øvingar.</p>
Obligatoriske arbeidskrav	Det vert kravd at studentane leverer minst 70 % av dei skriftlege innleveringsarbeida for å kunna avleggja eksamen.
Vurderingsformar	Ein skriftleg eksamen på 6 timar som omfattar begge

	disiplinane i emnet vert avvikla i slutten av vårsemesteret. Svara på grammatikkoppgåvene skal skrivast på norsk. Ved samanrekning av samla karakter for dei to disiplinane, tel grammatikk 40 % og omsetjing 60 %.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttast karakterskalaen A-F, kor F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum består i hovudsak av eit grammatikkverk som gir ei elementær og oversiktleg innføring i russisk grammatikk.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Studentene skal evaluere undervisninga i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no eller studieveileder@if.uib.no

Emnekode	RUS112
Emnenamn	Kultur og tekst/tale
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB. Personar utan studierett kan søke utdanningsavdelinga (UA) om å få gå opp til særskilt eksamen.
Mål og innhald	RUS112 skal gje innsikt i russisk historie, kulturhistorie og litteratur og øva opp ferdigheitar i munnleg russisk.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Ferdigheitar • Grunnkompetanse 	Studentane skal ha kunnskap om russisk historie, kulturhistorie og litteratur. Studentane skal ha øvd opp ferdigheitar i å omsetja tekstutdrag munnleg og skriftleg frå russisk til norsk, og dei skal kunne vera i stand til å føra ein enkel samtale på russisk.
Krav til forkunnskapar	RUS112 byggjer på RUS100, Grunnkurs i skriftleg og munnleg russisk, og det vert kravd faglege føresetnader som svarer til dette emnet.
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timer pr veke • Veker 	Kurset Kultur går over eit heilt semester med 2 timar undervisning i veka. Kurset Tekst/tale går over eit heilt semester med 4 timar undervisning i veka. Undervisningsforma vil vera munnleg og skriftleg omsetjing av pensumtekstar og konversasjon med den russiske språkpedagogen.
Obligatoriske arbeidskrav	Tekst og tale: Studentane skal ha godkjent 70 % av skriftlege omsetjingar frå russisk til norsk.
Vurderingsformar	Kultur: Skriftleg eksamen på 4 timar. Tekst og tale: Munnleg eksamen består av lesing og

	omsetjing av eit tekstavsnitt frå pensum og deretter ein samtale på russisk. Ved samanrekning av samla karakter for dei to disiplinane tel Kultur 60 % og Tekst og tale 40 %.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttast karakterskalaen A-F, kor F er stryk.
Læremiddelomtale	Emnet tek utgangspunkt i eit pensum på ca. 100 s. med enkle russiske tekstar, i tillegg til utvalt sekundærlitteratur.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Studentene skal evaluere undervisninga i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no eller studieveileder@if.uib.no

Emnekode	RUS113
Emnenamn	Russisk grammatikk (2) og Skriftleg russisk (2)
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB. Personar utan studierett kan søke utdanningsavdelinga (UA) om å få gå opp til særskilt eksamen.
Mål og innhald	RUS113 skal utdjupa den innsikt studentane har om sentrale emne i grammatikken. Studentane skal opparbeide òg få innsikt i forholdet mellom det russiske skriftspråket og andre varietetar av russisk. Studentane skal opparbeida ferdighetar i skriftleg russisk.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Ferdigheit • Grunnkompetanse 	<p>Russisk grammatikk (2) Studentane skal ha kunnskap om viktige emne i grammatikk som aspekt, aksjonsartar, passiv og kasus. Studentane skal òg ha kunnskap om varietetar av russisk.</p> <p>Skriftleg russisk (2) Studentane skal kunne omsetja tekstar med variert ordforråd og tematikk frå norsk til russisk. Med slike omsetjingar vil studentane auka ordforrådet og samstundes aktivisera den kunnskapen dei har i russisk grammatikk.</p>
Krav til forkunnskapar	Begge disiplinane i RUS113 byggjer på RUS100, RUS111 og RUS112, og det vert kravd faglege føresetnader som svarer til desse emna.
Undervisning og omfang	Kurset Russisk grammatikk (2) vil gå over eit heilt semester med 4 timar undervisning i veka.

<ul style="list-style-type: none"> • Type • Timer pr veke • Veker 	<p>Undervisningsforma vil vera førelesingar og øvingar.</p> <p>Kurset Skriftleg russisk (2) vil gå over eit heilt semester med 2 timar undervisning i veka. Undervisningsforma vil vera gjennomgang av skriftlege arbeid og øvingar.</p>
Obligatoriske arbeidskrav	Det vert kravd at studentane leverer minst 70 % av dei skriftlege innleveringsarbeida.
Vurderingsformar	Skriftleg eksamen på 6 timar som omfattar begge disiplinane i emnet, vert avvikla i slutten av vårsemesteret. Svara på grammatikkoppgåvene skal skrivast på norsk. Ved samanrekning av samla karakter for dei to disiplinane, tel grammatikken 60 % og omsetjinga 40 %. Begge eksamensdelane må vere bestått.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttast karakterskalaen A-F, kor F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum består i hovudsak av eit grammatikkverk som gir ei elementær og oversiktleg innføring i russisk grammatikk.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Studentene skal evaluere undervisninga i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no eller studieveileder@if.uib.no

Emnekode	RUS154
Emnenamn	Fordjuping i russisk kultur, tekst og tale med bacheloroppgåve
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB. Personar utan studierett kan søke utdanningsavdelinga (UA) om å få gå opp til særskilt eksamen.
Mål og innhald	<p>Emnet skal gi fordjupa innsikt i russisk kultur med hovudvekt på den russiske litteraturen si utvikling og øva opp den munnlege dugleiken. Emnet skal gi viktig skrivetrening og opplæring i sjølvstendig akademisk arbeid.</p> <p>RUS154 er ein obligatorisk del av spesialiseringa i russisk.</p>
Læringsutbyte/resultat	<p>Emnet skal utdjupa kunnskap om russisk kultur og vidareutvikla munnleg dugleik i russisk språk. Gjennom dei russiske pensumtekstane som er utgangspunkt for dei munnlege øvingane, får studentane ferdigheitar i kommunikasjon på russisk.</p> <p>Emnet tar sikte på å trenast opp til sjølvstende i forhold til</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Ferdigheitar • Grunnkompetanse

	lærestoffet gjennom bacheloroppgåva.
Krav til forkunnskapar	RUS154 byggjer på RUS100, RUS111, RUS112, og det vert kravd faglege føresetnader som svarer til dette emnet.
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timer pr veke • Veker 	Undervisninga i RUS154 går over eit helt semester med forelesingar i russisk kultur. I tillegg kjem 4 timar pr veke med munnleg trening.
Obligatoriske arbeidskrav	Alle studentane må møte på to rettleiingar i samband med bacheloroppgåva. Alle studentane skal bestå ei obligatorisk kunnskapsprøve i kulturpensumet før dei kan gå opp til eksamen.
Vurderingsformar	Eksamen er ei rettleia bacheloroppgåve på 4–5000 ord, over eit tema som studentane vel i samråd med faglærar. I tillegg er det ei munnleg prøve der studentane vert eksaminerte i munnleg dugleik og kommunikasjons-evne. Bacheloroppgåva må vera greidd før ein kan gå opp til munnleg prøve. Den munnlege prøva får eigen karakter. Ved fastsetjing av endeleg karakter for emnet tel bacheloroppgåva to tredelar og den munnlege prøva ein tredel. Ein må få ståkarakter i begge prøvene for å få ståkarakter i heile emnet.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttast karakterskalaen A-F, kor F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum omfattar enkle tekstar på russisk og eit utval sekundærlitteratur som skal danna grunnlag for skriving av bacheloroppgåva.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Studentene skal evaluere undervisninga i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no eller studieveileder@if.uib.no

Emnekode	RUS211
Emnenamn	Russisk språk og skriftleg omsetjing
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Norsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB. Personar utan studierett kan søke utdanningsavdelinga (UA) om å få gå opp til særskilt eksamen.
Mål og innhald	Studentane skal gjennom ei språkvitskapeleg tilnærming få god innsikt i strukturen i utvalte emne i russisk språk, og skal utdjupa sine ferdigheter i omsetjing frå norsk til russisk.

	RUS211 skal òg danne eit godt fundament for vidare studium i russisk. Studentane skal få ei forståing av språket sin plass og rolle i eit språklig så vel som samfunnsmessig perspektiv.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Ferdigheitar • Grunnkompetanse 	Emnet består av dei to disiplinane Russisk grammatikk og Skriftleg omsetjing. Russisk språk Studentane er i stand til å analysere russisk språkstruktur og har gode kunnskapar i russisk grammatikk. Skriftleg omsetjing Studentane skal ha gode ferdigheitar i omsetjing av varierte tekstar frå norsk til russisk.
Krav til forkunnskapar	Begge disiplinane i RUS211 byggjer på RUS100, RUS111, RUS112, RUS113 og RUS154, og det vert kravd faglege føresetnader som svarer til desse emna.
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timer pr veke • Veker 	Kurset Russisk grammatikk går over eit heilt semester med 4 timar undervisning i veka. Undervisningsforma vil vera førelesningar. Kurset Skriftleg omsetjing går over eit heilt semester med 2 timar undervisning i veka. Undervisninga vil vera gjennomgang av skriftlege arbeid og øvingar.
Obligatoriske arbeidskrav	Det vert kravd at studentane leverer minst 70 % av dei skriftlege innleveringsarbeida.
Vurderingsformar	Russisk grammatikk: Skriftleg eksamen på 4 timar. Svara på oppgåvene skal skrivast på norsk. Skriftleg omsetjing: Skriftleg eksamen på 4 timar. Eksamen går over to dagar. Ved samanrekning av samla karakter i dei to disiplinane tel Russisk grammatikk 60 % og Skriftleg omsetjing 40 %.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttast karakterskalaen A-F, kor F er stryk.
Læremiddelomtale	Utvalde emne frå ein passande grammatikk, supplert med språkvitskapeleg litteratur.
Undervisningsstad	Bergen og St. Petersburg
Emneevaluering	Studentane skal evaluere undervisninga i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no eller studieveileder@if.uib.no

Emnekode	RUS212
Emnenamn	Russisk litteratur og munnleg russisk
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Russisk litteratur: Norsk

	Munnleg russisk: Russisk.
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med ein studierett ved UiB. Personar utan studierett kan søke utdanningsavdelinga (UA) om å få gå opp til særskilt eksamen.
Mål og innhald	Kurset er todelt. Russisk litteratur er ei fordjuping i sentrale emnar og skal danne eit godt grunnlag for vidare studiar i russisk litteratur. Munnlegg russisk skal vidareutvikla kommunikasjons-evna til studentane.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Ferdigheitar • Grunnkompetanse 	Studentane skal ha god kunnskap om sentrale periodar og problemstillingar i russisk litteratur. Dei skal øva opp ferdigheitar i kritisk lesing og vurdering av pensumstoffet. I tillegg skal studentane vidareutvikla ferdigheitar i munnleg russisk slik at dei kan kommunisera i ein russiskspråkleg kontekst.
Krav til forkunnskapar	For å avleggja eksamen i RUS 212, vert det kravd at studentane har teke RUS100, RUS111, RUS112, RUS113 og RUS154.
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timer pr veke • Veker 	Kurset russisk litteratur går over eit heilt semester med 3-4 timar undervisning i veka. Undervisningsforma vil vera førelesningar og tekstgjennomgang munnleg og skriftleg av pensumtekstar. Kurset Russisk munnleg går over eit heilt semester med 4 timar undervisning i veka. Undervisningsforma vil vera konversasjon og språklege øvingar med den russiske språkpedagogen.
Obligatoriske arbeidskrav	Studentane må møte på to rettleiingar i samband med essaya. Dei skal òg levera inn 70 % av omsetjingar frå russisk til norsk.
Vurderingsformar	RUS212 har mappevurdering. I vurderingsmappa inngår 2 essay på norsk over oppgjevne emne. Essaya, på ca. 2000 ord, skal leverast til fastsett frist. I tillegg inngår ein skriftleg kunnskapsprøve i slutten av semesteret. Kvart essay tel 30 % og kunnskapsprøva 40 % i karakteren på Russisk litteratur. Munnleg russisk: Munnleg eksamen som består av lesing og omsetjing av eit tekstavsnitt frå pensum og deretter ein samtale på russisk. Ved samanrekning av samla karakter for dei to disiplinane tel Russisk litteratur 70 % og Munnleg russisk 30 %.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttast karakterskalaen A-F, kor F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum omfattar skjønnlitterære tekstar på russisk og eit

	utval av relevant sekundærlitteratur.
Undervisningsstad	Bergen og St. Petersburg
Emneevaluering	Studentane skal evaluere undervisninga i tråd med UiB sitt kvalitetssikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no eller studieveileder@if.uib.no

Bachelorprogram i spansk språk og latinamerikastudium

Framlegg til fagbasert BA i spansk språk og latinamerikastudium v/h 2009

Programnamn, norsk	Bachelorprogram i spansk språk og latinamerikastudium
Programnamn, engelsk	Bachelor's programme in Spanish language and Latin American studies
Undervisningsspråk	Undervisningsspråket på spanskemna er spansk. For alle andre fagemne, sjå den einskilde emneplanen.
Studiepoeng	180
Mål og innhald	<p>Bachelorprogram i spansk språk og latinamerikastudium tilbyr ei rad emne som alle fokuserer på den spanskspråklege delen av Latin-Amerika. Tre hovuddisiplinar går inn i studiet: (1) språk, (2) litteratur og (3) historie og kulturkunnskap. Undervisninga i spesialiseringsfaget går føre seg på spansk.</p> <p>Spansk språk og latinamerikastudium kan med utbyte kombinerast med andre språkfag, allmenn litteraturvitskap, lingvistik, historie, sosialantropologi, samanliknande politikk, medievitenskap eller geografi. Emne frå faget går inn i fleire av dei tilrådde bachelorprogramma ved Det humanistiske fakultetet.</p> <p>Kombinasjonar som femner om utdanning frå andre fakultet, eller frå institusjonar utanfor universitetet, er òg moglege.</p> <p>Studiet har både eit praktisk og eit teoretisk siktemål: Det skal leggja til rette for å øva opp språklege evner og utvikla forståinga av lingvistiske, kulturelle og litterære fenomen. På den måten er det både reiskapsfag for utdanning til yrke som krev solide kunnskapar om Latin-Amerika, og eit grunnlag for vidare fordjuping innan dei ulike forskingsfeltene i latinamerikastudiet.</p>
Læringsutbytte	<p>Ein kandidat med bachelorgrad i Spansk språk og latinamerikastudium skal</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) ha brei generell kunnskap innafor faget 2) ha djupnekunnskapar innafor eit avgrensa område 3) kunne arbeida sjølvstendig med problemstillingar på grunnlag av faglege kunnskapar. <p>Studentane skal oppnå læringsutbyttet gjennom å studera sentrale tema og problemstillingar i spansk språk og språkvariantar, i dei spansktalende samfunna, kulturane og/eller litteraturen i Latin-Amerika, og på same tid få innsyn i ulike fagtradisjonar og deira måte å tilnærma seg Latin-Amerika på. Eksempelvis kan eit tema</p>

	<p>frå latinamerikansk litteratur vera ein periode, ein genre, ein nasjonallitteratur eller liknande, henta frå eit tekstutval frå 1492 og fram til vår eiga tid.</p> <p>Den språklege dugleiken blir utvikla slik at studentane kan skjøna og bruka moderne spansk munnleg og skriftleg i prosjektbaserte arbeid, bruka sine kunnskapar kritisk og reflektera over eigen fagleg praksis innafor:</p> <p>a) grammatikk med særleg vekt på latinamerikanske variantar (morfologi, syntaks), i tillegg til</p> <p>b) semantikk, pragmatikk, dialektologi, målsoge eller omsetjingsteori.</p> <p>Studentane skal kunna gå vidare med eiga kompetanseutvikling og spesialisering på ein sjølvstendig måte innafor alle tre disiplinane.</p>
Opptakskrav	Generell studiekompetanse eller realkompetanse.
Tilrådde forkunnskapar	Spansk innføringskurs eller kunnskapar tilsvarande Spansk nivå II frå vidaregåande skole.
Innføringsemne	<p>Bachelorprogrammet i spansk språk og latinamerikastudium inneheld 30 studiepoeng med innføringsemne (førstesemesterstudiet) og er sett saman av:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Examen philosophicum • Akademisk skriving • Tekst og kultur <p>eller Språk og kommunikasjon.</p> <p>Språk og kommunikasjon er sterkt tilrådd.</p> <p>Bachelorgraden kan ikkje innehalda meir enn 30 sp innføringsemne.</p>
Obligatoriske emne/spesialisering	<p>Bachelorprogrammet i spansk språk og latinamerikastudium er 3-årig (180 studiepoeng). Programmet skal innehalda inntil 30 studiepoeng med innføringsemne (ex.phil. og ex.fac.), og 90 studiepoeng med spesialisering i spansk språk og latinamerikastudium. Dei siste 60 studiepoenga er frie.</p> <p>Ei godkjend spesialisering i spansk språk og latinamerikastudium utgjer normalt opptaksgrunnlaget for mastergrad.</p> <p>I bachelorprogram i spansk språk og latinamerikastudium vil dei 90 studiepoenga i spesialiseringa normalt innehalda fire av dei fem emna på 100-nivå og to emne frå to av dei tre hovuddisiplinane på 200-nivå i faget. Emna SPLA101 og SPLA104 er obligatoriske på 100-nivå. For å kvalifisera til opptak til PPU-studiet må SPLA105 gå inn som eit av fire emne på 100-nivå.</p> <p>Studentane kan eventuelt velja å byta ut eitt av spanskemna på 200-nivå (SPLA201/251, SPLA202/252 eller SPLA203/253) med eitt av emna TRANSHF (med omsetjing mellom spansk og norsk), ALLV201, LITTEHF, ALLV202, KVIK203 eller KVIK204 i</p>

	<p>spesialiseringa på bachelorprogram i Spansk språk og latinamerikastudium. Studentane må velja minst eitt emne med oppgåve som vurderingsform på 200-nivå for å få godkjent spesialisering i Spansk språk og latinamerikastudium, jamfør gradskravet om eit sjølvstendig skriftleg arbeid på 15 studiepoeng (sjå Utfyllande reglar for Det humanistiske fakultet).</p> <p>Innføringskurset SPLA001 eller tilsvarande kan ikkje gå inn i dei 90 studiepoenga som utgjer spesialiseringa i faget.</p>
Tilrådde valemne	<p>Bachelorprogrammet i spansk språk og latinamerikastudium har 60 frie studiepoeng. Det er ingen spesielle føringar knytt til dei frie studiepoenga, og studentane vel sjølve kva fag og emne dei vil ta i tillegg til spesialiseringa.</p>
Rekkjefølgje for emne i studiet	<p>Døme på rekkjefølgje for emne i studiet:</p> <p>1. semester (H): Førstesemesterstudiet ex.phil og ex.fac (30 sp)</p> <p>2. semester (V): SPLA101 Spansk språk I (15 sp). Byggjer på spansk nivå 2. SPLA104 Kultur og samfunn i Latin-Amerika (15 sp). Byggjer på spansk nivå 2.</p> <p>3. semester (H): To av tre emne: SPLA102 Latinamerikansk litteratur (15 sp). Byggjer på SPLA101 og SPLA104 og/eller SPLA103 Latinamerikansk kulturkunnskap (15 sp). Byggjer på SPLA101 og SPLA104 og/eller SPLA105 Spansk språk II (15 sp). Byggjer på SPLA101</p> <p>4. semester (V): To av seks emne: SPLA201/SPLA251 Fordjuping i spansk språk og omsetjing (15 sp). Byggjer på SPLA101 og/eller SPLA202/SPLA252 Fordjuping i latinamerikansk litteratur (15 sp). Byggjer på SPLA102 og/eller SPLA203/SPLA253 Fordjuping i latinamerikansk kulturkunnskap (15 sp). Byggjer på SPLA103</p> <p>5. semester (H): Frie studiepoeng (30 sp). Eller Delstudium i utland</p>

	<p>6. semester (V): Frie studiepoeng (30 sp). Eller Delstudium i utland</p> <p>Studentar kan sjølv velja om dei vil studera det tilrådde løpet eller om dei vil byta om på rekkefølgja av spesialisering og frie studiepoeng. Det er uansett tilrådd at ein fullfører 100-nivå i spansk språk og latinamerikastudium før ein tar fatt på 200-nivå.</p>
Krav til progresjon i studiet	For ein fulltidsstudent er normal studieprogresjon 30 studiepoeng kvart semester.
Delstudium i utlandet	<p>Du kan ta delar av bachelorutdanninga di som utvekslingsstudent i eit anna land. Du kan velja blant Universitetet i Bergen sine avtalar i heile verda, anten for å studera innan spesialiseringane i programmet, eller for å ta frie studiepoeng i graden. Emna må godkjennast på førehand av UiB.</p> <p>Det er tilrådd at delstudium i utlandet blir lagt til eit spansktalande land. Universitetet i Bergen har fleire utvekslingsavtalar med universitet i Spania og Latin-Amerika.</p> <p>Studentar som ønskjer å dra på utveksling som del av spesialiseringa blir tilrådd å gjera dette på 200-nivå. Ein kan òg reise ut og ta frie studiepoeng. Det er tilrådd å samtala med studierettleiar eller ein fagperson i planlegginga av delstudium i utlandet.</p>
Undervisningsmetodar	Programmet omfattar ulike undervisningsformer; til dømes forelesingar, seminar, gruppeundervisning og individuell rettleiing. Sjå emneplanen for det einskilde emnet.
Vurderingsformer	<p>Gjennom programmet blir studentane prøvd på ulike måtar, eksempelvis ved mappevurdering, skoleeksamen, semesteroppgåve og munnleg prøve.</p> <p>Sjå emneplanen for det einskilde emnet.</p>
Karakterskala	<p>Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) A-F, der F er stryk 2) Greidd/ikkje greidd <p>Sjå emneplanen for det einskilde emnet.</p>
Kompetanse for vidare studium	Bachelorprogrammet i spansk språk og latinamerikastudium kvalifiserer for opptak til masterprogrammet i spansk språk og latinamerikastudium.
Yrkesvegar	Internasjonalt samarbeid og samkvem skaper aukande etterspurnad etter kompetanse i spansk språk og latinamerikansk kultur og historie. Av relevante yrkesalternativ kan nemnast: omsetjingsarbeid, bibliotek, massemedia, forlag, reiseliv, næringsliv, offentlege institusjonar (medrekna utanrikstenesta), hjelpearbeid og liknande. Spansk er dessutan valfritt

	undervisningsfag i grunnskolen og vidaregåande skole. 60 studiepoeng på 100-nivå i spansk språk og latinamerikastudium, med SPLA105 i emnekrinsen, gir formell kompetanse for denne undervisninga.
Evaluering	Evaluering av programmet vert gjennomført i tråd med UiBs kvalitetssikringssystem.
Oppstart	Haust
Undervisningsstad	Bergen
Programansvarleg	Annette M. Myre Jørgensen, Institutt for framandspråk
Administrativ ansvarleg	Studierettleiar ved Institutt for framandspråk. E-post: studierettleiar@if.uib.no

Emneomtaler

Emnekode	SPLA101
Emnenamn	Spansk språk I
Name of course unit	Spanish Language I
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Spansk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	SPLA101 omfattar grammatikk, fonetikk og praktisk språkbruk. Grammatikkstudiet gir ei grundig innføring i moderne spansk språk og fonetikkstudiet gir ei grundig innføring i moderne spansk fonetikk. I tillegg blir det gitt ei innføring i praktisk språkbruk.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Studentane skal gjennom grammatikkstudiet og kurset i praktisk språkbruk vinna kunnskap om sentrale tema i og problemstillingar innan spansk språk og øva seg opp i bruk av språket. Studentane skal vera i stand til å bruka faglege kunnskapar på praktiske og teoretiske problemstillingar. Dei skal kunna vidareutvikla kunnskap, dugleik og forståing gjennom vidare studium og yrkesliv.
Tilrådde forkunnskapar	Spansk innføringskurs eller spansk kunnskapar på språknivå 2 frå vidaregåande skole.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	<p>Undervisninga i grammatikk blir gitt i form av førelesingar to timar i veka i 12 veker. Det blir undervist i sentrale delar av pensum. Praktiske øvingar i grammatikk er knytte opp til førelesingane.</p> <p>Undervisninga i fonetikk blir gitt i form av førelesingar to timar i veka i seks veker. Det blir undervist i sentrale delar av pensum. Praktiske øvingar i fonetikk er knytte opp til førelesingane.</p> <p>Det blir gruppeundervisning med fokus på praktisk spansk to timar i veka i seks veker (tre grupper).</p>
Obligatoriske arbeidskrav	Det er tre obligatoriske oppgåver: ei i grammatikk, ei i fonetikk og ei i praktisk spansk. Desse må utførast innan fristen for den enkelte aktivitet. Aktivitetane blir vurderte som godkjent/ikkje godkjent. Alle dei tre aktivitetane må vera godkjende før ein kan få vurdering i emnet.
Vurderingsformer	<p>Vurderingsforma er ein 6-timars skoleeksamen med spørsmål frå pensum i grammatikk og fonetikk. Eksamen inneheld òg ei oppgåve i praktisk spansk.</p> <p>For å kunna gå opp til eksamen må studentane ha fått godkjent dei obligatoriske aktivitetane som er nemnde under</p>

	Obligatoriske arbeidskrav i undervisningssemesteret. Studentane kan nytta eittspråkleg og tospråkleg (t.d. norsk-spansk/spansk-norsk) ordbok godkjend av instituttet på alle eksamensdagane. Studentane må sjølve ta med ordbøker til eksamen, og halda seg orienterte om og retta seg etter reglane som gjeld for kontroll av ordbøkene, t.d. lime/stifte saman grammatikkdelen.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	SPLA102
Emnenamn	Latinamerikansk litteratur
Name of course unit	Latin American Literature
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Spansk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB. Personar utan studierett kan søkja UA om å få gå opp til særskild eksamen.
Mål og innhald	Emnet gir kunnskapar om sentrale delar av spanskamerikansk litteratur med hovudvekt på det 20. hundreåret og – etter kvart – det 21. hundreåret. Kurset skal gi studentane eit breitt oversyn over moderne spanskamerikansk litteratur.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Studiet skal gi studentane eit oversyn over hovudtendensar i spanskamerikansk litteratur frå 1492 og fram til i dag. Studentane skal arbeida med eit representativt utval tekstar frå ulike nasjonallitteraturar, sjangrar og epokar, og utvikla ei analytisk forståing for eigenarten ved tekstane. Studiet skal gi innsyn i sentrale tema og problemstillingar innan spanskamerikansk litteratur. Studentane skal analysa fagstoff og trekkja eigne slutningar. Dei skal kunna vidareutvikla eigen kunnskap, dugleik og forståing gjennom vidare studium og yrkesliv.
Tilrådde forkunnskapar	Undervisninga i SPLA102 legg til grunn spansk kunnskapar som svarar til fullført SPLA101/SPLA104.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Undervisninga er bygd opp av førelesingsrekkjer hovudsakleg på spansk, der pensumtekstane blir kommenterte. Det blir lagt vekt både på den litteraturhistoriske konteksten og på dei formelle og tematiske kvalitetane ved tekstane. Det blir dessutan arbeidd i mindre grupper med språk, innhald og andre sider ved pensumtekstane.

	Det blir gitt førelesingar seks timar i veka i 12 veker. I tillegg blir det normalt gitt gruppeundervisning med fokus på tekstanalyse og skrive-dugleik to timar i veka i fire veker.
Obligatoriske arbeidskrav	Ingen
Vurderingsformer	Vurderingsforma er ein 6-timars skoleeksamen som blir skriven på spansk. Karakteren blir sett på grunnlag av både innhald og språk. Studentane kan nytta eittspråkleg og tospråkleg (t.d. norsk-spansk/spansk-norsk) ordbok godkjend av instituttet på alle eksamensdagane. Studentane må sjølve ta med ordbøker til eksamen, og halda seg orienterte om og retta seg etter reglane som gjeld for kontroll av ordbøkene.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum (om lag 700 s.) er sett saman av eit utval romanar, noveller, og dikt frå tida etter at Latin-Amerika vart sjølvstendig. I tillegg kjem eit litteraturhistorisk referanseverk. Dette kan vera samla i eitt læreverk. Pensumutvalet har ei nokolunde lik fordeling mellom kvinnelege og mannlige forfattarar.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	SPLA103
Emnenamn	Latinamerikansk kulturkunnskap
Name of course unit	Latin American Culture
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Spansk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB. Personar utan studierett kan søkja UA om å få gå opp til særskild eksamen.
Mål og innhald	Studiet skal gi studentane oversyn over hovuddraga i latinamerikansk historie og samfunnstilhøve frå 1492 og fram til i dag, med hovudvekt på det 19. og 20. hundreåret.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Studentane vinn innsyn i sentrale tema og problemstillingar innan fagområdet latinamerikansk historie, kultur og tradisjonar. Vidare skal studentane analysere fagstoff og trekke eigne slutningar. Dei skal kunna vidareutvikle kunnskap, dugleik og forståing gjennom vidare studium og yrkesliv.
Tilrådde forkunnskapar	Undervisninga i SPLA103 legg til grunn spansk kunnskapar som svarar til fullført SPLA101/SPLA104.
Krav til forkunnskapar	Ingen

<p>Undervisning og omfang</p> <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	<p>Det blir undervist i sentrale delar av pensum. I tillegg til oversynsførelesingane, blir det undervist i historisk terminologi og tekstforståing. Særleg er det lagt vekt på kulturforståing gjennom analyse av utvalde tema. Totalt blir det gitt førelesingar fire timar i veka i 12 veker.</p> <p>Om mogleg blir det også gitt et filmseminar to timar i veka i 12 veker og gruppeundervisning to timar i veka i seks veker.</p>
Obligatoriske arbeidskrav	Ingen
Vurderingsformer	<p>Vurderingsforma er ein 6-timars skoleeksamen som blir skriven på spansk. Karakteren blir sett på grunnlag av både innhald og språk.</p> <p>Studentane kan nytta eittspråkleg og tospråkleg (t.d. norsk-spansk/spansk-norsk) ordbok godkjend av instituttet på alle eksamensdagane. Studentane må sjølve ta med ordbøker til eksamen, og halda seg orienterte om og retta seg etter reglane som gjeld for kontroll av ordbøkene.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum (om lag 600 s.) inkluderer eit oversynsverk og eit lite utval kjeldetekstar.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	SPLA104
Emnenamn	Kultur og samfunn i Latin-Amerika
Name of course unit	Culture and Society in Latin-America
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår
Undervisningsspråk	Spansk, men på somme førelesingar norsk eller engelsk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	Studiet gir eit generelt oversyn over særtrekk og fellestrekk ved dei spansktalande landa i Latin-Amerika, og dessutan innsyn i emne som gjeld samfunn og kultur i desse landa.
<p>Læringsutbyte/resultat</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	<p>Studentane skal vinna kunnskap om sentrale tema og problemstillingar i dei spansktalande samfunna og kulturane i Latin-Amerika, og på same tid få innsyn i ulike fagtradisjonar og deira måte å tilnærma seg Latin-Amerika på.</p> <p>Studentane skal analysere fagstoff og trekkja eigne slutningar. Dei skal vidare utvikla evna til å skjønna og bruka moderne spansk munnleg og skriftleg i prosjektbaserte arbeid.</p>
Tilrådde forkunnskapar	Spansk innføringskurs eller spansk kunnskapar på språknivå 2 frå vidaregåande skole.

Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Undervisninga er basert på førelesingar, gruppeundervisning og konversasjon, og legg derfor til grunn at studentane tar aktivt del i undervisningstilbodet. Det blir gitt førelesingar to timar i veka i 12 veker, og gruppeundervisning to timar i veka i 12 veker (3 grupper).
Obligatoriske arbeidskrav	Studentane skal i løpet av studiet førebu presentasjonar av tema frå ulike delar av pensum på spansk, både skriftleg og munnleg. Det blir gitt tilbakemelding på arbeidet med desse presentasjonane undervegs, i samband med undervisninga. Både det skriftlege og det munnlege arbeidet fungerer som ei førebuing til avsluttande eksamen i emnet. Det obligatoriske arbeidskravet må vera oppfylt for å kunna få vurdering i emnet.
Vurderingsformer	<p>Vurderingsforma i emnet er todelt:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) Eit skriftleg arbeid på spansk (om lag 2000 ord) over eit emne frå pensum. Studentane kan velja mellom eit utval tema som blir gitt av lærarane. Det blir gitt tilbakemelding på arbeidet med denne oppgåva undervegs i semesteret, i samband med undervisninga. Innleveringsfristen blir kunngjort på Mi side, og i samband med undervisninga. Oppgåva skal leverast i 3 eksemplar ved Institutt for framandspråk. 2) Semesteret blir avslutta med ein munnleg eksamen der kandidaten held ein presentasjon (8-10 min.) av eit emne frå ein annan del av pensum enn det som gjeld for det skriftlege arbeidet. Tema for presentasjonen blir gitt av lærarane. Kandidaten vil òg få spørsmål frå resten av pensum. <p>Det skriftlege arbeidet skal vera greidd før ein kan ta munnleg eksamen i emnet, og både oppgåva og munnleg eksamen må vera greidde før det blir gitt studiepoeng for emnet. Kvar av dei to vurderingsdelane tel 50% i utrekninga av den samla karakteren. Det er høve til å ta den munnlege eksamenen inntil to semester etter at den skriftlege oppgåva er greidd.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensumlista er i hovudsak basert på to komplementære oversynsverk, og inneheld både engelskspråklege og spanskpråklege artikkelar om latinamerikanske tilhøve, presenterte frå ulike faglege synsvinklar.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	SPLA105
Emnenamn	Spansk språk II

Name of course unit	Spanish Language II
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Haust
Undervisningsspråk	Spansk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	<p>SPLA105 omfattar grammatikk, fonetikk og praktisk språkbruk. Emnet byggjer på SPLA101.</p> <p>Grammatikkstudiet gir ei grundig innføring i moderne spansk grammatikk og syntaks med særleg fokus på skilnader mellom norsk og spansk. Fonetikkstudiet gir ei fordjuping i moderne spansk fonetikk, med særleg vekt på latinamerikanske språkvariantar. Det blir òg gitt ei innføring i fonetisk teori og metode.</p> <p>I tillegg blir det praktiske øvingar i språkbruk, medrekna omsetjing til og frå norsk.</p>
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	<p>Studentane skal gjennom grammatikkstudiet og kurset i praktisk språkbruk vinna kunnskap om og øva seg opp i bruk av spansk grammatikk og syntaks og kunna bruka denne kunnskapen i praksis, gjennom produksjon av eigne tekstar og omsetjing til og frå norsk.</p> <p>Fonetikkstudiet skal gi studentane eit grundig bilete av dei ulike fonetiske variantane i spansk språk, samt øva studentane opp til å kunna identifisera desse variantane. Dei skal kunna vidareutvikla kunnskap, dugleik og forståing gjennom vidare studium og yrkesliv.</p> <p>For å kvalifisera for opptak til PPU-studiet må SPLA105 gå inn som emne på 100-nivå. SPLA101 åleine kvalifiserer ikkje for opptak til PPU-studiet.</p>
Tilrådde forkunnskapar	Studentane bør ha fullført EXFAC00SK Språk og kommunikasjon og SPLA101 Spansk språk I eller ha tilsvarande kunnskapar.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	<p>Undervisninga i grammatikk blir gitt i form av førelesingar to timar i veka i 12 veker.</p> <p>Det blir undervist i sentrale delar av pensum og oppgåveløysing. Praktiske øvingar i grammatikk er knytte opp til førelesingane.</p> <p>Undervisninga i fonetikk blir gitt i form av førelesingar to timar i veka i seks veker. Det blir undervist i sentrale delar av pensum. Praktiske øvingar i fonetikk er knytte opp til førelesingane.</p> <p>Det blir gitt gruppeundervisning med fokus på praktisk spansk to timar i veka i seks veker (3 grupper).</p>

Obligatoriske arbeidskrav	I løpet av semesteret skal studentane skriva tre oppgåveutkast; eitt i fonetikk, eitt i grammatikk og eitt i praktisk spansk, som dei til fastsette fristar skal levera til lærarane via KARK for kommentar.
Vurderingsformer	Studentane skal arbeida vidare med to av utkasta nemnde under obligatoriske arbeidskrav og levera endeleg versjon av desse oppgåvene saman med tilhøyrande refleksjonsnotat i ei endeleg mappe på slutten av semesteret, og denne mappa utgjer vurderingsgrunnlaget for emnet. Kvart refleksjonsnotat skal vera på om lag 1500 ord og skal skrivast på spansk. Mappa får ein samla karakter som blir sett på grunnlag av både innhald og språk.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	SPLA201
Emnenamn	Fordjuping i spansk språk
Name of course unit	Studies in Spanish Language
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår og haust
Undervisningsspråk	Spansk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB. Personar utan studierett kan søkja UA om å få gå opp til særskild eksamen.
Mål og innhald	SPLA201 er eit fordjupingsemne i spansk språk på 15 studiepoeng. Grammatikk, med særleg vekt på latinamerikanske variantar, blir gitt kvart undervisningssemester. Semantikk, pragmatikk, dialektologi, målsoge eller omsetjingsteori vil rotera mellom dei ulike semestra. I kombinasjon med SPLA252, SPLA253 eller eitt av emna TRANSHF (med omsetjing mellom spansk og norsk), LITTEHF, ALLV202, KVIK203 eller KVIK204 kan emnet danna spesialiseringa i Spansk språk og latinamerikastudium.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	Studentane skal ha brei generell kunnskap innafor disiplinen. Dei skal bruka kunnskapane sine kritisk og reflektera over eigen fagleg praksis. Studietilbodet skal leggja til rette for fordjuping i språkvitskaplege emne i: A) grammatikk med særleg vekt på latinamerikanske variantar (morfologi, syntaks), i tillegg B) semantikk, pragmatikk, dialektologi, målsoge eller

	omsetjingsteori. Studentane skal sjølvstendig kunna halda fram eiga kompetanseutvikling og spesialisering.
Tilrådde forkunnskapar	SPLA201 baserer seg på spanskunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i spansk språk og latinamerikastudium. Undervisninga byggjer vidare på SPLA101.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Overlapp	SPLA251
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Undervisninga er samansett av førelesingar, seminar og gruppeøvingar. Det blir gitt grammatikkførelesingar to timar i veka i 12 veker, førelesingar i <i>El español de América</i> to timar i veka i 12 veker og gruppeøvingar to timar i veka i seks veker. Studentane lyt ta aktivt del i seminara og gruppeøvingane, mellom anna med skriftlege oppgåver og munnlege innleiingar. Undervisninga går saman med SPLA251.
Obligatoriske arbeidskrav	Ingen
Vurderingsformer	Vurderingsforma er ein 6-timars skriftleg skoleeksamen med oppgåver frå bae pensumdelar. Dei to delane veg likt når karakteren blir sett. For at studenten skal få ståkarakter i emnet må oppgåver frå begge pensumdelar vera vurdert til ståkarakter. Ein skal svara på eksamen på spansk. Ved karakterfastsetjinga blir både den språklege dugleiken og det faglege innhaldet vurderte. Studentane kan nytta eittspråkleg og tospråkleg (t.d. norsk-spansk/spansk-norsk) ordbok godkjend av instituttet på alle eksamensdagane. Studentane må sjølve ta med ordbøker til eksamen, og halda seg orienterte om og retta seg etter reglane som gjeld for kontroll av ordbøkene.
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Fast pensum er 150 sider frå ei spansk grammatikkbok, og 50 sider frå boka <i>El español de América</i> . I tillegg kjem om lag 100 sider lingvistiske artiklar som tilrådd støttelitteratur. Det varierende pensumet blir sett opp av faglærar og er på 100 sider. Totalt er pensum på kring 400 sider.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	SPLA251
Emnenamn	Fordjuping i spansk språk med bacheloroppgåve
Name of course unit	Studies in Spanish Language with bachelor paper
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår og haust
Undervisningsspråk	Spansk

Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	<p>SPLA251 er eit fordjupingsemne i spansk språk på 15 studiepoeng. Grammatikk, med særleg vekt på latinamerikanske variantar, blir gitt kvart undervisningssemester. Semantikk, pragmatikk, dialektologi, målsoge eller omsetjingsteori vil rotera mellom dei ulike semestra.</p> <p>I kombinasjon med SPLA202/SPLA252, SPLA203/SPLA253 eller eitt av emna TRANSHF (med omsetjing mellom spansk og norsk), ALLV201, LITTEHF, ALLV202, KVIK203 eller KVIK204 kan emnet danna spesialiseringa i Spansk språk og latinamerikastudium.</p>
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	<p>Studentane skal ha brei generell kunnskap innafor disiplinen. Dei skal bruka kunnskapane sine kritisk og reflektera over eigen fagleg praksis.</p> <p>Studietilbodet skal leggja til rette for fordjuping i språkvitskaplege emne i:</p> <p>A) grammatikk med særleg vekt på latinamerikanske variantar (morfologi, syntaks), i tillegg</p> <p>B) semantikk, pragmatikk, dialektologi, målsoge eller omsetjingsteori.</p> <p>Dei skal sjølvstendig kunna halda fram eiga kompetanseutvikling og spesialisering.</p>
Tilrådde forkunnskapar	SPLA251 baserer seg på spanskunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i spansk språk og latinamerikastudium. Undervisninga byggjer vidare på SPLA101.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Overlapp	SPLA201
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	<p>Undervisninga er samansett av førelesingar, seminar og gruppeøvingar. Det blir gitt grammatikkførelesingar to timar i veka i 12 veker, førelesingar i <i>El español de América</i> to timar i veka i 12 veker og gruppeøvingar to timar i veka i seks veker. Studentane lyt ta aktivt del i seminara og gruppeøvingane, mellom anna med skriftlege oppgåver og munnlege innleiingar. Undervisninga går saman med SPLA201.</p>
Obligatoriske arbeidskrav	Den rettleidde oppgåva som blir omtala under Vurderingsformer skal leverast til rettleiing i løpet av semesteret, innan oppsette fristar. Fristane er endelege, og studentane pliktar sjølve å halda seg informerte om desse. Det er òg obligatorisk for studentane å møta til rettleiing til avtalt tidspunkt. Det blir sett opp to rettleiingstimar etter avtale mellom student og rettleiar. Rettleiing per e-post/tlf. blir ikkje gitt.
Vurderingsformer	Ei rettleidd oppgåve og munnleg eksamen. Oppgåva skal vera på om lag 12 standardsider (dobbel linjeavstand og 12 punkt Times New Roman eller liknande skrifttype) pluss bibliografi, skriven på spansk. Munnleg eksamen er ein samtale på spansk om pensum, der òg oppgåva kan trekkjast inn.

	<p>To studentar kan velja å gå saman om å skriva éi oppgåve, og oppgåva skal i så fall vera på 15 standardsider (dobbel linjeavstand og 12 punkt Times New Roman eller liknande skrifttype) pluss bibliografi, skriven på spansk. Det blir gitt ein felles karakter på oppgåva.</p> <p>Det ferdige arbeidet skal leverast i 3 eksemplar ved Institutt for framandspråk.</p> <p>Den rettleidde oppgåva og den munnlege delen av eksamen tel båe 50 prosent. Stryk i ein av desse delane fører til stryk i SPLA251. Båe eksamensdelane må vera greidde i same semester.</p> <p>Vurderingsforma rettleidd oppgåve med munnleg eksamen fyller kravet til det sjølvstendige arbeidet som skal gå inn i ein bachelorgrad. Dei som vel to av spanskemna på 200-nivå, kan maksimalt velja eitt av oppgaveemna med 250-kode i same semester.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Fast pensum er 150 sider frå ei spansk grammatikkbok, og 50 sider frå boka <i>El español de América</i> . I tillegg kjem om lag 100 sider lingvistiske artiklar som tilrådd støttelitteratur. Det varierende pensumet blir sett opp av faglærar og er på 100 sider. Totalt er pensum på kring 400 sider.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	SPLA202
Emnenamn	Fordjuping i latinamerikansk litteratur
Name of course unit	Studies in Latin American Literature
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår og haust
Undervisningsspråk	Spansk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB. Personar utan studierett kan søkja UA om å få gå opp til særskild eksamen.
Mål og innhald	<p>SPLA202 er eit fordjupingsemne i latinamerikansk litteratur på 15 studiepoeng. Tema for undervisninga vil variera frå semester til semester.</p> <p>I kombinasjon med SPLA251, SPLA253 eller eitt av emna TRANSHF (med omsetjing mellom spansk og norsk), LITTEHF, ALLV202, KVIK203 eller KVIK204 kan emnet</p>

	danna spesialiseringa i Spansk språk og latinamerikastudium.
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	<p>Studietilbodet skal leggja til rette for fordjuping i eit tema frå latinamerikansk litteratur, t.d. ein periode, ein sjanger, eit tema, ein nasjonallitteratur eller liknande. Ein kan henta temaet i tekstutval frå 1492 og fram til vår eiga tid.</p> <p>Studentane skal ha brei generell kunnskap innanfor faget og djupnekunnskapar innafør eit avgrensa område. Dei skal kunna arbeida sjølvstendig med problemstillingar på grunnlag av faglege kunnskapar.</p> <p>Studentane skal kunna halda fram eiga kompetanseutvikling og spesialisering på ein sjølvstendig måte.</p>
Tilrådde forkunnskapar	SPLA202 legg til grunn spansk kunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i Spansk språk og latinamerikastudium. Undervisninga byggjer vidare på SPLA102.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Overlapp	SPLA252
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Undervisninga er organisert som seminar, og går over 12 veker, med 4 undervisningstimar i veka. Undervisninga går saman med undervisninga på SPLA252.
Obligatoriske arbeidskrav	Ingen
Vurderingsformer	<p>Vurderingsforma er ein 6-timars skriftleg skoleeksamen. Ein skal svara på eksamen på spansk. Ved karakterfastsetjinga blir både den språklege dugleiken og det faglege innhaldet vurderte.</p> <p>Studentane kan nytta eittspråkleg og tospråkleg (t.d. norsk-spansk/spansk-norsk) ordbok godkjend av instituttet på alle eksamensdagane. Studentane må sjølve ta med ordbøker til eksamen, og halda seg orienterte om og retta seg etter reglane som gjeld for kontroll av ordbøkene.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	<p>Pensum (om lag 800 sider) skal innehalda utvalde skjønnlitterære verk, og dessutan litteraturvitskaplege og -historiske tekstar knytte til desse.</p> <p><i>Studentane skal som hovudregel leggja opp det pensumet som ligg til grunn for undervisninga det gjeldande semesteret. Det kan i særskilte høve bli gitt løyve til å leggja opp individuelt pensum, men då berre etter grunngjeven søknad ved semesterstart. Kontakt Institutt for framandspråk.</i></p> <p>Pensumutvalet har så langt det er råd ei nokolunde lik fordeling mellom kvinnelege og mannlige forfattarar.</p>
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	SPLA252
Emnenamn	Fordjuping i latinamerikansk litteratur med bacheloroppgåve
Name of course unit	Studies in Latin American Literature with bachelor paper
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår og haust
Undervisningsspråk	Spansk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	<p>SPLA252 er eit fordjupingsemne i latinamerikansk litteratur på 15 studiepoeng. Tema for undervisninga vil variera frå semester til semester.</p> <p>I kombinasjon med SPLA201/SPLA251, SPLA203/SLA253 eller eitt av emna TRANSHF (med omsetjing mellom spansk og norsk), ALLV201, LITTEHF, ALLV202, KVIK203 eller KVIK204 kan emnet danna spesialiseringa i Spansk språk og latinamerikastudium</p>
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	<p>Studietilbodet skal leggja til rette for fordjuping i eit tema frå latinamerikansk litteratur, t.d. ein periode, ein sjanger, eit tema, ein nasjonallitteratur eller liknande. Ein kan henta temaet i tekstutval frå 1492 og fram til vår eiga tid.</p> <p>Studentane skal ha brei generell kunnskap innanfor faget og djupnekunnskapar innanfor eit avgrensa område. Dei skal kunna arbeida sjølvstendig med problemstillingar på grunnlag av faglege kunnskapar.</p> <p>Studentane skal kunna halda fram eiga kompetanseutvikling og spesialisering på ein sjølvstendig måte.</p>
Tilrådde forkunnskapar	SPLA252 legg til grunn spansk kunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i Spansk språk og latinamerikastudium. Undervisninga byggjer vidare på SPLA102.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Overlapp	SPLA202
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	Undervisninga er organisert som seminar og går over 12 veker, med 4 undervisningstimar i veka. Undervisninga går saman med undervisninga på SPLA202. I tillegg kjem individuell rettleiing i samband med utarbeiding av oppgåve.
Obligatoriske arbeidskrav	Den rettleidde oppgåva som blir omtala under Vurderingsformer skal leverast til rettleiing i løpet av semesteret, innan oppsette fristar. Fristane er endelege, og studentane pliktar sjølve å halda seg informerte om desse. Det er òg obligatorisk for studentane å møta til rettleiing til avtala tidspunkt. Det blir sett opp to rettleiingstimar etter avtale mellom student og rettleiar. Rettleiing per e-post/tlf. blir ikkje gitt.
Vurderingsformer	Ei rettleidd oppgåve og munnleg eksamen. Oppgåva skal vera på om lag 12 standardsider (dobbel linjeavstand og 12 punkt Times New Roman eller liknande skrifttype) pluss bibliografi, skriven på spansk. Munnleg eksamen er ein samtale på spansk

	<p>om pensum, der òg oppgåva kan trekkjast inn.</p> <p>To studentar kan velja å gå saman om å skriva éi oppgåve, og oppgåva skal i så fall vera på minst 15 standardsider (dobbel linjeavstand og 12 punkt Times New Roman eller liknande skrifttype) pluss bibliografi, skriven på spansk. Det blir gitt ein felles karakter på oppgåva.</p> <p>Det ferdige arbeidet skal leverast i 3 eksemplar ved Institutt for framandspråk.</p> <p>Den rettleidde oppgåva og den munnlege delen av eksamen tel båd 50 prosent. Stryk i ein av desse delane fører til stryk i SPLA252. Båd eksamensdelane må vera greidde i same semester.</p> <p>Vurderingsforma rettleidd oppgåve med munnleg eksamen fyller kravet til det sjølvstendige arbeidet som skal gå inn i ein bachelorgrad. Dei som vel to av spanskemna på 200-nivå, kan maksimalt velja eitt av oppgåveemna med 250-kode i same semester.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	<p>Pensum (om lag 800 sider) skal innehalda utvalde skjønnlitterære verk, og dessutan litteraturvitskaplege og -historiske tekstar knytte til desse.</p> <p><i>Studentane skal som hovudregel leggja opp det pensumet som ligg til grunn for undervisninga det gjeldande semesteret. Det kan i særskilde høve bli gitt løyve til å leggja opp individuelt pensum, men då berre etter grunningjeven søknad ved semesterstart. Kontakt Institutt for framandspråk.</i></p> <p><i>Pensumutvalet har så langt det er råd ei nokolunde lik fordeling mellom kvinnelege og mannelege forfattarar.</i></p>
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	SPLA203
Emnenamn	Fordjuping i latinamerikansk kulturkunnskap
Name of course unit	Studies in Latin American Culture
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår og haust
Undervisningsspråk	Spansk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB. Personar utan studierett kan søke UA om å få gå opp til særskild eksamen.
Mål og innhald	SPLA203 er eit fordjupingsemne i latinamerikansk kulturkunnskap på 15 studiepoeng. Tema kan variera frå

	<p>semester til semester.</p> <p>I kombinasjon med SPLA251, SPLA252 eller eitt av emna TRANSHF (med omsetjing mellom spansk og norsk), LITTEHF, ALLV202, KVIK203 eller KVIK204 kan modulen danne spesialiseringa i Spansk språk og latinamerikastudium.</p>
<p>Læringsutbyte/resultat</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	<p>Studentane skal ha brei generell kunnskap innafor disiplinen. Dei skal bruka kunnskapane sine kritisk og reflektera over eigen fagleg praksis.</p> <p>Studietilbodet skal leggja til rette for fordjuping i eit emne frå latinamerikansk kulturkunnskap, t.d. ein periode, eit land, eit tema. Ein kan henta emnet i eit tekstutval frå perioden 1492 og fram til vår eiga tid.</p> <p>Studentane skal sjølvstendig kunna halda fram eiga kompetanseutvikling og spesialisering.</p>
Tilrådte forkunnskapar	SPLA203 legg til grunn spanskunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i Spansk språk og latinamerikastudium. Undervisninga byggjer vidare på SPLA103.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Overlapp	SPLA253
<p>Undervisning og omfang</p> <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	<p>Studietilbodet inneheld både førelesingar, diskusjons- og skriveseminar. Undervisninga går saman med SPLA253. Tal på førelesingar er to timar i veka i 12 veker. Det blir dessutan gitt seminar to timar i veka i 12 veker.</p>
Obligatoriske arbeidskrav	Ingen
Vurderingsformer	<p>Ein 6-timars skriftleg skoleeksamen. Ein skal svara på eksamen på spansk. Ved karakterfastsetjinga blir både den språklege dugleiken og det faglege innhaldet vurderte.</p> <p>Studentane kan nytta eittspråkleg og tospråkleg (t.d. norsk-spansk/spansk-norsk) ordbok godkjend av instituttet på alle eksamensdagane. Studentane må sjølve ta med ordbøker til eksamen, og halda seg orienterte om og retta seg etter reglane som gjeld for kontroll av ordbøkene.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttar ein karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum (om lag 800 sider) skal innehalda utvalde historiske kjeldetekstar og vitenskaplege artiklar/essays og oversynsverk knytte til desse. Det kan i særskilde høve bli gitt løyve til å leggja opp individuelt pensum, men då berre etter grunngeven søknad ved semesterstart. Kontakt Institutt for framandspråk.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Emnekode	SPLA253
Emnenamn	Fordjuping i latinamerikansk kulturkunnskap med

	bacheloroppgåve
Name of course unit	Studies in Latin American Culture with bachelor paper
Studiepoeng	15
Undervisningssemester	Vår og haust
Undervisningsspråk	Spansk
Studienivå	Bachelor
Krav til studierett	Emnet er ope for alle med studierett ved UiB.
Mål og innhald	<p>SPLA253 er eit fordjupingsemne i latinamerikansk kulturkunnskap på 15 studiepoeng. Tema kan variera frå semester til semester.</p> <p>I kombinasjon med SPLA201/SPLA251, SPLA202/SPLA252 eller eitt av emna TRANSHF (med omsetjing mellom spansk og norsk), ALLV201, LITTEHF, ALLV202, KVIK203 eller KVIK204 kan modulen danna spesialiseringa i Spansk språk og latinamerikastudium.</p>
Læringsutbyte/resultat <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskap • Dugleik • Grunnkompetanse 	<p>Studentane skal ha brei generell kunnskap innafor disiplinen. Dei skal bruka kunnskapane sine kritisk og reflektera over eigen fagleg praksis. Studietilbodet skal leggja til rette for fordjuping i eit emne frå latinamerikansk kulturkunnskap, t.d. ein periode, eit land, eit tema. Ein kan henta emnet i eit tekstutval frå perioden 1492 og fram til vår eiga tid. Studentane skal sjølvstendig kunna halda fram eiga kompetanseutvikling og spesialisering.</p>
Tilrådde forkunnskapar	SPLA253 legg til grunn spansk kunnskapar som svarar til emna på 100-nivå i Spansk språk og latinamerikastudium. Undervisninga byggjer vidare på SPLA103.
Krav til forkunnskapar	Ingen
Overlapp	SPLA203
Undervisning og omfang <ul style="list-style-type: none"> • Type • Timar pr veke • Veker 	<p>Studietilbodet inneheld både førelesingar, diskusjons- og skriveseminar. Undervisninga går saman med SPLA203. Tal på førelesingar er to timar i veka i 12 veker. Det blir dessutan gitt seminar to timar i veka i 12 veker.</p>
Obligatoriske arbeidskrav	<p>Den rettleidde oppgåva som blir omtala under Vurderingsformer skal leverast til rettleiing i løpet av semesteret, innan oppsette fristar. Fristane er endelege, og studentane pliktar sjølv å halda seg informerte om desse. Det er òg obligatorisk for studentane å møte til rettleiing til avtala tidspunkt. Det blir sett opp to rettleiingstimar etter avtale mellom student og rettleiar. Rettleiing per e-post/tlf. blir ikkje gitt.</p>
Vurderingsformer	<p>Ei rettleidd oppgåve og munnleg eksamen. Oppgåva skal vera på om lag 12 standardsider (dobbel linjeavstand og 12 punkt Times New Roman eller liknande skrifttype) pluss bibliografi, skriven på spansk. Munnleg eksamen er ein samtale på spansk om pensum, der òg oppgåva kan trekkjast inn.</p> <p>To studentar kan velja å gå saman om å skriva éi oppgåve, og oppgåva skal i så fall vera på 15 standardsider (dobbel</p>

	<p>linjeavstand og 12 punkt Times New Roman eller liknande skrifttype) pluss bibliografi, skriven på spansk. Det blir gitt ein felles karakter på oppgåva.</p> <p>Det ferdige arbeidet skal leverast i 3 eksemplar ved Institutt for framandspråk.</p> <p>Den rettleidde oppgåva og den munnlege delen av eksamen tel baa 50 prosent. Stryk i ein av desse delane fører til stryk i SPLA253. Baa eksamensdelane må vera greidde i same semester.</p> <p>Vurderingsforma rettleidd oppgåve med munnleg eksamen fyller kravet til det sjølvstendige arbeidet som skal gå inn i ein bachelorgrad. Dei som vel to av spanskemna på 200-nivå, kan maksimalt velja eitt av oppgaveemna med 250-kode i same semester.</p>
Karakterskala	Ved sensur av emnet nyttast karakterskalaen A-F, der F er stryk.
Læremiddelomtale	Pensum (om lag 800 sider) skal innehalda utvalde historiske kjeldetekstar og vitenskaplege artiklar/essays og oversynsverk knytte til desse. Det kan i særskilde høve bli gitt løyve til å leggja opp individuelt pensum, men då berre etter grunngeven søknad ved semesterstart. Kontakt Institutt for framandspråk.
Undervisningsstad	Bergen
Emneevaluering	Undervisninga blir evaluert i tråd med UiB sitt kvalitets-sikringssystem.
Kontaktinformasjon	studierettleiar@if.uib.no

Bachelorprogram i tysk

Framlegg til fagbasert BA i tysk (haust 2009)

Programnamn, norsk	Bachelorprogram i tysk
Programnamn, engelsk	Bachelor's programme in German
Undervisningsspråk	Undervisningsspråket på tyskemna er tysk. For alle andre fagemne, sjå den einskilde emneplanen.
Studiepoeng	180
Mål og innhald	<p>Tyskstudiet skal øve studentane i praktisk språkdugleik (skriftleg og munnleg) og gi dei innsikt i tysk språk og dei tyskspråklege landas litteratur, kultur og samfunnsforhold.</p> <p>Emna på 200-nivå skil seg frå emna på 100-nivå primært ved at dei skal gi fordjuping i utvalde emne.</p>
Læringsutbytte	Etter fullført bachelor i tysk skal kandidaten ha gode kunnskapar i tysk grammatikk og lydlære, derunder kjennskap til viktige kontrastive aspekt tysk-norsk, god evne til å uttrykkje seg på tysk både munnleg og skriftleg og innsikt i språkforhold i dei tyskspråklege landa og språkleg variasjon i tysk.

	<p>I kulturkunnskap skal studenten tileigne seg grunnleggjande kunnskap om utvalde tema innan tyskspråkleg kultur i perioden frå opplysningstida fram til i dag, utvikle eit reflektert forhold til stoffet gjennom analysar av ulike kulturelle uttrykk i historisk og samfunnsmessig samheng og kunne gi skriftlege og munnlege framstillingar av stoffet på tysk.</p> <p>Med utgangspunkt i dei verka studenten les i litteratur, skal studenten tileigne seg kunnskap om hovudtrekk i utviklinga av den tyskspråklege litteraturen etter ca.1750, grunnleggjande dugleik i litterær analyse gjennom varierte skriftlege og munnlege øvingsoppgåver og utvikle eit reflektert og sjølvstendig forhold til stoffet.</p>
Opptakskrav	Generell studiekompetanse eller realkompetanse.
Tilrådde forkunnskapar	Ein rår til at studentane i tillegg til generell studiekompetanse har forkunnskapar i tysk som svarar til nivå II frå vidaregåande skole.
Innføringsemne	<p>Bachelorprogrammet i tysk inneheld 30 studiepoeng med innføringsemne (førstesemesterstudiet) og er sett saman av:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Examen philosophicum • Akademisk skriving • Tekst og kultur eller Språk og kommunikasjon. <p>Språk og kommunikasjon er sterkt tilrådd.</p> <p>Bachelorgraden kan ikkje innehalda meir enn 30 studiepoeng innføringsemne.</p>
Obligatoriske emne/spesialisering	<p>Bachelorprogrammet i tysk er 3-årig (180 studiepoeng). Programmet skal innehalda inntil 30 studiepoeng med innføringsemne (ex.phil. og ex.fac.), og 90 studiepoeng med spesialisering i tysk. Dei siste 60 studiepoenga er frie.</p> <p>Spesialiseringa i tysk omfattar emna: TYS111, TYS112, TYS113, TYS114, TYS201 eller TYS251 og TYS202 eller TYS252.</p> <p>Studentane kan skifte ut eitt emne på 200-nivå med TRANSHF, men likevel slik at TYS251 eller TYS252 inngår i spesialiseringa. Dette for å tilfredsstille gradskravet om eit sjølvstendig skriftleg arbeid på 15 studiepoeng, jfr. Utfyllande reglar for Det humanistiske fakultet.</p> <p>For å oppnå spesialisering i tysk på bachelornivå, kan førehandsgodkjente heiltidsstudium i utlandet koma i staden for obligatoriske spesialiseringsemne i tysk.</p>
Tilrådde valemne	Bachelorprogrammet i tysk har 60 frie studiepoeng. Det er ingen spesielle føringar knytt til dei frie studiepoenga, og studentane vel sjølve kva fag og emne dei vil ta i tillegg til spesialiseringa.
Rekkjefølgje for emne i studiet	Døme på rekkjefølgje for emne i studiet:

	<p>1. semester (haust): Førstesemesterstudiet ex.phil og ex.fac (30 stp)</p> <p>2. semester (vår): TYS111 Grunnemne i tysk språk I (15 stp) TYS112 Tyskspråkleg kultur (15 stp) Undervisninga i delar av TYS111 og TYS112 er lagt til Universitetet i Kiel.</p> <p>3. semester (haust): TYS113 Grunnemne i tysk språk II (15 stp) TYS114 Tyskspråkleg litteratur (15 stp)</p> <p>4. semester (vår): TYS201 Fordjuping i tyskspråkleg litteratur (15 stp) eller TYS251 Fordjuping i tysk språk med semesteroppgåve (15 stp) TYS202 Fordjuping i tyskspråkleg litteratur (15 stp) eller TYS252 Fordjuping i tyskspråkleg litteratur med semesteroppgåve (15 stp)</p> <p>5. semester (haust): Frie studiepoeng eller delstudium i utlandet (30 stp)</p> <p>6. semester (vår): Frie studiepoeng eller delstudium i utlandet (30 stp)</p>
Krav til progresjon i studiet	For ein fulltidsstudent er normal studieprogresjon 30 studiepoeng kvart semester.
Delstudium i utlandet	<p>Du kan ta delar av bachelorutdanninga di som utvekslingsstudent i eit anna land. Du kan velje blant Universitetet i Bergen sine avtaler i heile verda, anten for å studere innan spesialiseringa i programmet, eller for å ta frie studiepoeng i graden. Studentar som ønskjer å dra på utveksling som del av spesialiseringa, blir tilrådd å gjera dette på 200-nivå.</p> <p>Emna må førehandsgodkjennast av UiB.</p>
Undervisningsmetodar	<p>Programmet omfattar ulike undervisningsformer; til dømes forelesingar, seminar, gruppeundervisning og individuell rettleiing.</p> <p>Sjå emneplanen for det einskilde emnet.</p>
Vurderingsformer	<p>Gjennom programmet blir studentane prøvd på ulike måtar, eksempelvis ved mappevurdering, skoleeksamen, semesteroppgåve og munnleg prøve.</p> <p>Sjå emneplanen for det einskilde emnet.</p>
Karakterskala	<p>Ved sensur av emna i programmet kan det bli nytta ein av to karakterskalaer:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) A-F, der F er stryk 2) Greidd/ikkje greidd <p>Sjå emneplanen for det einskilde emnet.</p>
Kompetanse for vidare	Bachelorprogrammet i tysk kvalifiserer for opptak til

studium	masterprogrammet i tysk.
Yrkesvegar	Tyskstudiet kvalifiserer for undervisning innanfor skoleverket og for anna arbeid både i offentleg og privat sektor der kunnskap om språk, litteratur og kultur er viktig, til dømes informasjonsarbeid, media, reiseliv, omsetjing og eksportretta verksemd.
Evaluering	Evaluering av programmet vert gjennomført i tråd med UiBs kvalitetssikringssystem.
Oppstart	Haut
Undervisningsstad	Bergen
Programansvarleg	Kjetil Berg Henjum, Institutt for framandspråk
Administrativ ansvarleg	Studierettleiar ved Institutt for framandspråk. E-post: studierettleiar@if.uib.no